



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 108

(2004–2005)

Om lov om endringer i lov 8. juni 1984
nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs
og andre lover (elektronisk
kommunikasjon mv.)

Innhold

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	6.2	Framlegget i høyringsnotatet	29
2	Bakgrunnen for lovframlegget og høyringa	7	6.3	Høyringsfråsegnene	29
2.1	Bakgrunnen for framlegget	7	6.4	Departementets vurderingar	30
2.2	Høyringa av framlegget om rasjonalisering av buhandsaminga ved auka bruk av elektronisk kommunikasjon	7	7	Overføring av plikter etter konkurslova § 79 frå bustyraren og tingretten til Konkursregisteret ..	31
2.3	Høyringa av framlegget om endringar i føretaksregisterlova og einingsregisterlova	8	7.1	Gjeldande rett	31
3	Kunngjeringar etter konkurslova	10	7.2	Framlegget i høyringsnotatet	31
3.1	Gjeldande rett	10	7.3	Høyringsfråsegnene	31
3.2	Framlegget i høyringsnotatet	10	7.4	Departementets vurderingar	32
3.3	Høyringsfråsegnene	11	8	Konkursregisteret som tilknytt register til Einingsregisteret mv.	34
3.4	Departementets vurderingar	12	8.1	Registrering av konkursbu i Einingsregisteret og Konkursregisteret	34
4	Abonnement på kunngjeringsopplysningar	15	8.1.1	Innleiing	34
4.1	Innleiing	15	8.1.2	Gjeldande rett	34
4.2	Framlegget i høyringsnotatet	15	8.1.3	Framlegget i høyringsnotatet	35
4.3	Høyringsfråsegnene	15	8.1.4	Høyringsfråsegnene	35
4.4	Departementets vurderingar	16	8.1.5	Departementets vurderingar	35
5	Elektronisk kommunikasjon under handsaming av konkursbu	17	8.2	Endringar i konkurslova som følge av framlegget om å gjere Konkursregisteret til eit tilknytt register	36
5.1	Gjeldande rett	17	8.2.1	Innleiing	36
5.2	Framlegget i høyringsnotatet	17	8.2.2	Framlegget i høyringsnotatet	36
5.3	Høyringsfråsegnene	18	8.2.3	Høyringsfråsegnene	36
5.4	Departementets vurderingar	20	8.2.4	Departementets vurderingar	36
5.4.1	Innleiing. Forholdet til personopplysningslova	20	8.3	Sletting av konkursbu i Einingsregisteret	36
5.4.2	Elektronisk kommunikasjon ved konkurs	22	9	Økonomiske og administrative konsekvensar	38
5.4.3	Elektronisk kommunikasjon ved gjeldsforhandling etter konkurslova	26	10	Merknader til lovforslaget	39
5.4.4	Elektronisk informasjonsutveksling mellom Konkursregisteret og bustyraren	27	10.1	Merknader til endringane i konkurslova	39
5.4.5	Forholdet til offentlegheitslova	27	10.2	Merknader til endringa i einingsregisterlova	42
6	Om informasjonen i Konkursregisteret skal bli gjort tilgjengeleg for kven som helst	29	10.3	Til ikraftsetjings- og overgangsføresegnene	43
6.1	Gjeldande rett	29	Forslag til lov om endringar i lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs og andre lover (elektronisk kommunikasjon mv.)		44



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 108

(2004–2005)

Om lov om endringar i lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs og andre lover (elektronisk kommunikasjon mv.)

*Tilråding frå Justisdepartementet av 1. juli 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Justisdepartementet gjer i proposisjonen her framlegg om endringar i konkurslova og andre lover med sikte på å leggje til rette for auka bruk av elektronisk kommunikasjon ved gjeldsforhandling og konkurs. Bruken av elektronisk kommunikasjon vil spare tid og kostnader, slik at midlane i bua kan bli utnytta meir effektivt.

Departementet foreslår at kunngjeringspublikasjon skal skje elektronisk i Brønnøysundregistra sin elektroniske kunngjeringspublikasjon. Plikten til å kunngjere i Norsk Lysingsblad blir samstundes foreslått oppheva. Det blir foreslått at kunngjerings framleis skal skje i ei avis som er alminneleg lesen på staden. Kunngjeringsannonsane i avisene skal etter framlegget vere kortare enn i dag, slik at kostnadene ved aviskunngjeringspublikasjon blir reduserte. I tillegg skal dei kjende fordringshavarane framleis bli varsla personleg om opning av konkurs eller akkordforhandling etter konkurslova.

Det blir foreslått ein forskriftsheimel for å gi reglar om abonnementsordningar, slik at fordringshavarar og offentlege organ kan abonnere på kunngjeringsinformasjon om konkurs og gjeldsforhandlingar frå Brønnøysundregistra. Slike

abonnementsordningar kan vere utforma både slik at abonnentane får opplysningane via elektronisk post og ved at informasjon blir inkorporert i abonnentens eige datasystem.

Departementet foreslår å klårgjere som hovudregel at føresegnene i konkurslova om sending av meldingar og andre føresegner om kommunikasjon er teknologinøytrale i den forstand at elektronisk kommunikasjon kan nyttast om sendaren og mottakaren har lagt til rette for det og mottakaren har akseptert det.

Departementet gjer framlegg om eit system for elektroniske busider til bruk under handsaminga av eit konkursbu. Å leggje dokument og opplysningar ut på busida kan langt på veg erstatte utsending av dokument ved frankerte brev. Etter framlegget skal det vere avgrensa tilgang til busidene, slik at det er dei same som i dag har rett til å få tilsendt informasjon om buet, som vil få tilgang til opplysningane på busida. Dette er naudsynt av personvernomsyn. Det vil vere ein føremon for fordringshavarane og offentlege instansar at dei får ein plass der informasjon om buet er samla. Varsel som skal gis fordringshavarane under buhandsaminga, og som er avgjerande for kva tid ein frist tar til å løpe,

skal likevel bli gitt direkte til fordringshavarane. Det blir foreslått at Brønnøysundregistra skal stå for drifta av elektroniske busider, og at informasjon frå Konkursregisteret om buet skal overførast automatisk til busida.

Det blir foreslått ein forskriftsheimel for å gi nærare reglar om dei tekniske krava for bruk av elektronisk kommunikasjon. Det blir òg foreslått ein forskriftsheimel for å gi reglar om abonnement på opplysningar frå busidene.

Det blir foreslått at nokre av pliktene bustyren har etter konkurslova skal gå over til føraren av Konkursregisteret. Dette gjeld mellom anna plikta til å sørgje for registrering av konkursopning i grunnboka og Meirverdiavgiftsmantalet.

Det er gjort framlegg om endringar i einingsregisterlova for å gjere Konkursregisteret til eit tilknytt register til Einingsregisteret. Endringa inneber også at konkursbuet skal vere ei eiga registrering i Konkursregisteret.

2 Bakgrunnen for lovframlegget og høyringa

2.1 Bakgrunnen for framlegget

Konkursrådet utarbeidde i 2002 eit høyringsnotat med ulike framlegg om rasjonalisering av konkurshandsaminga ved auka bruk av elektronisk kommunikasjon og redusert bruk av brev og avis-kunngjeringar. Konkursrådet hadde erfart at særleg i bu med lite midlar står kostnadene til å dekkje porto og annonsering i mishøve til dei samla midlane i buet. Det er fleire opplysningar som etter konkurslova skal kunngjerast i Norsk Lysingsblad og i ei avis som er alminneleg lesen på staden. Ved bruk av elektronisk kunngjerung kan kostnadene reduserast. Bustyraren skal sende ei rekkje meldingar til fordringshavarane som ledd i handsaminga av buet. Med stadig aukande portotakstar krev dette mykje ressursar, særleg i bu med mange fordringshavarar.

Den 20. desember 2002 sende Finans- og tolldepartementet ut eit høyringsnotat med framlegg om mellom anna å gjere Konkursregisteret til tilknytt register til Einingsregisteret. Ved kgl. res. 29. august 2003 blei Einingsregisteret ført over frå Finans- og tolldepartementet til Nærings- og handelsdepartementet. Det blei difor Nærings- og handelsdepartementet sitt ansvar å følgje opp framlegga i høyringsnotatet frå Finans- og tolldepartementet. Framlegget er omtalt i Ot.prp. nr. 80 (2003-2004) Om lov om endringer i lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret, lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak og i enkelte andre lover punkt 3.3. Her blir det mellom anna peikt på at løysinga i dag der Einingsregisteret berre har informasjon om konkursar i dei einingane som er registrerte i Føretaksregisteret, og ikkje andre einingar, er uheldig.

2.2 Høyringa av framlegget om rasjonalisering av buhandsaminga ved auka bruk av elektronisk kommunikasjon

Konkursrådets høyringsnotat blei sendt på høyring av Justisdepartementet 13. november 2002. Høyringsfristen var 14. februar 2003. Departementet tok ikkje sjølv stilling til realitetane i framlegget

før det blei sendt på høyring. Høyringsnotatet blei sendt til følgjande instansar:

Departementa
Datatilsynet
Brønnøysundregistra
Det kriminalitetsforebyggende råd
Konkursrådet
Regjeringsadvokaten
Riksadvokaten
Skattedirektoratet
ØKOKRIM

Høgsterett
Lagmannsrettane
Bergen byfogdembete
Stavanger byfogdembete
Trondheim byfogdembete
Oslo skifterett og byskriverembete

Haugesund tingrett
Inderøy tingrett
Larvik tingrett
Nord-Østerdal tingrett
Salten tingrett
Sandefjord tingrett
Sandnes tingrett
Sarpsborg tingrett
Søre Sunnmøre tingrett
Tinn og Heddal tingrett
Vardø tingrett
Voss tingrett
Ytre Follo tingrett

Den Norske Advokatforening
Den norske Dommerforening
Den norske Revisorforening
Finansnæringsens Hovedorganisasjon
Gjeldsoffer-Alliansen
Handelshøyskolen BI
Handels- og Servicenæringsens Hovedorganisasjon
Landsorganisasjonen i Norge
Norges kemner- og kommunekassererforbund
Leieboerforeningen
Norges Rederiforbund
Norges Kommunerevisorforbund
Norske Inkassobyråers Forening
Norske Sivilingeniørers Forening
Næringslivets Hovedorganisasjon

Skattefogdenes Landsforening
Sparebankforeningen i Norge
Stiftelsen Norsk Konkursfond
Styreakademiet - Norsk Forening for Styrearbeid
Universitetet i Bergen
Universitetet i Oslo
Universitetet i Tromsø

Følgjande instansar har kome med merknader til høyringsnotatet:

Arbeids- og administrasjonsdepartementet
Finansdepartementet
Nærings- og handelsdepartementet
Arbeidsdirektoratet
Arbeidstilsynet
Brønnøysundregistra
Datatilsynet
Domstoladministrasjonen
Skattedirektoratet

Sandefjord tingrett
Trondheim tingrett

Den Norske Advokatforening
Den norske Dommerforening
Den norske Revisorforening
Finansnæringens Hovedorganisasjon
Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring
Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon
Norske Inkassobyråers Forening
Norsk Presseforbund
Norsk Redaktørforening
Norges Rederiforbund
Næringslivets Hovedorganisasjon
Sparebankforeningen i Norge

Finansnæringens Hovedorganisasjon og Sparebankforeningen i Norge har utarbeidd ei sams høyringsfråsegn.

Fleirtalet av høyringsinstansane stilte seg positive til hovudtanken om rasjonalisering av konkurshandsaminga ved bruk av elektronisk kommunikasjon. Men somme sider ved framlegga møtte kritikk. Nokre høyringsinstansar meinte at forslaget i høyringsnotatet ikkje tok nok omsyn til personvernet. Fleire høyringsinstansar gjekk òg imot at det ikkje lenger var foreslått nokon ufråvikeleg plikt til å rykkje kunngjeringsannonsar inn i ei avis som er alminneleg lesen på staden.

Departementet har etter høyringa drøfta med Brønnøysundregistra, Datatilsynet, Domstoladministrasjonen og Konkursrådet kva for løysingar ein kan finne på desse spørsmåla.

2.3 Høyringa av framlegget om endringar i føretaksregisterlova og einingsregisterlova

Finans- og tolldepartementet sende 20. desember 2002 ut eit høyringsbrev med framlegg til endringar i føretaksregisterlova og einingsregisterlova.

Høyringsnotatet blei sendt til følgjande instansar:

Departementa
Brønnøysundregistra
Datatilsynet
Forbrukarombodet
Forbrukarrådet
Konkurransetilsynet
Konkursrådet
Kreditilsynet
Noregs Bank
Riksrevisjonen
Skattedirektoratet
Statistisk Sentralbyrå
Stortingets ombodsmann for forvaltninga
ØKOKRIM

Det juridiske fakultet, Universitet i Bergen
Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo
Det juridiske fakultet, Universitetet i Tromsø

Aksjonærforeningen i Norge
Den norske Revisorforening
Finansnæringens Hovedorganisasjon
Gjeldsoffer-Alliansen
Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon
Handelshøyskolen BI
Landslaget for Regnskapskonsulenter
Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening
Norges Kemner- og Kommunekassererforbund
Norges Kommunerevisorforening
Norsk Bedriftsforbund
Norske Inkassobyråers Forening
Norske Kredittopplysningsbyråers Forening
Næringslivets Hovedorganisasjon
Oslo Børs
Skattefogdenes Landsforening
Skatterevisorenes Forening
Sparebankforeningen i Norge
Stiftelsen Norsk Konkursfond

Av desse høyringsinstansane har 26 instansar svart. Følgjande instansar hadde ingen merknader:

Barne- og familiedepartementet
Fiskeridepartementet
Forsvarsdepartementet
Helse- og sosialdepartementet

Om lov om endringer i lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs og andre lover
(elektronisk kommunikasjon mv.)

Kommunal- og regionaldepartementet
Landbruksdepartementet
Miljøverndepartementet
Utdannings- og forskingsdepartementet
Kredittilsynet
Forbund for kommunal økonomiforvaltning og
skatteinnfordring
Den norske Revisorforening

Følgjande instansar hadde merknader til framleg-
get:
Arbeids- og administrasjonsdepartementet
Justisdepartementet
Kommunal- og regionaldepartementet

Nærings- og handelsdepartementet
Datatilsynet
Forbrukarrådet
Konkurransetilsynet
Noregs Bank
Rikstrygdeverket
Skattedirektoratet
Statistisk Sentralbyrå

Finansnæringens Hovedorganisasjon og Spare-
bankforeningen i Norge
Landslaget for Regnskapskonsulenter
Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening
Næringslivets Hovedorganisasjon.

3 Kunngjeringar etter konkurslova

3.1 Gjeldande rett

Etter konkurslova er det fleire opplysningar som skal kunngjerast, dvs. at dei skal gjerast tilgjengelege for kvar og ein. Opning av konkurs skal kunngjerast, jf. konkurslova § 78. Opning av friviljug gjeldsforhandling og akkordforhandling skal òg kunngjerast, jf. konkurslova §§ 6 og 35. Det kan likevel i særskilte tilfelle fastsetjast at opning av friviljug gjeldsforhandling ikkje skal kunngjerast. I tillegg skal stadfesting av akkord kunngjerast, jf. konkurslova § 53 andre ledd, og innstilling av buhandsaminga som følgje av stadfest akkord skal kunngjerast, jf. konkurslova § 125 andre ledd. At handsaminga av buet er innstilt ved at buet blir levert tilbake til skyldnaren, skal kunngjerast etter konkurslova § 136 tredje ledd. Kunngjeringsforma skal òg nyttast ved innkalling til skiftesamling der fristen for melding av fordringar ikkje er ute, jf. konkurslova § 93 første ledd. I tillegg er det enkelte paragrafar som viser til kunngjeringsstidspunktet og gir det verknad for fristrekning, til dømes konkurslova § 109 tredje ledd om fristen for å melde fordringar til konkursbuet.

Kva ei kunngjering om opning av forhandling om tvangsakkord skal innehalde, er fastsett i konkurslova § 35 første ledd. Kunngjeringa skal opplyse om at det er opna forhandling, den skal innehalde ei oppmoding til fordringshavarane om å sende inn ei oppgåve over fordringane deira, og den skal nemne tida for fordringshavarmøte, eller opplyse at slikt møte ikkje blir haldt.

Konkurslova § 6 første ledd første punktum fastset at ved opning av forhandling om friviljug gjeldsordning er det berre «åpningen» som skal kunngjerast. Føresegna i konkurslova § 35 første ledd gjeld ikkje tilsvarende.

Kva ei kunngjering om opning av konkurs skal innehalde, er fastsett i konkurslova § 78 første og andre ledd. Kunngjering om opning av konkurs skal innehalde underretning om at konkurs er opna med opplysning om stillinga eller bransjen til skyldnaren, forretningsadresse, bustad, og skyldnaren sitt føretaksnamn der dette skil seg frå vedkomande sitt namn. Vidare skal kunngjeringa innehalde opplysningar om kven som er oppnemnd

som bustyrar og eventuelt burevisor, kva tid første skiftesamling i buet skal vere, og oppmoding til fordringshavarane om å melde krava sine til bustyraren innan ein nærmare gitt frist. Om det er grunn til å tru at buet ikkje vil gi dekning til uprioriterte fordringar, kan kunngjeringa også opplyse om dette saman med ei mogeleg avgjerd frå retten etter konkurslova § 156 om forenkla underretning til fordringshavarane.

Kunngjering skal etter gjeldande rett skje på to måtar. For det første skal kunngjeringane rykkjast inn i Norsk Lysingsblad. For det andre skal dei rykkjast inn i ein avis som er alminneleg lesen på staden.

Ved opning av forhandling om tvangsakkord der det tidlegare har vore forhandla om friviljug gjeldsforhandling, og ved opning av konkurs, skal kunngjeringa jamvel sendast til alle kjende fordringshavarar, jf. konkurslova § 35 tredje ledd og konkurslova § 78 tredje ledd andre punktum.

I medhald av konkurslova § 156 kan retten fastsetje at dei påbodne kunngjeringane skal skje på annan måte enn fastsett, dersom kostnadene ved å nytte den påbodne kunngjeringsforma vil stå i «fremtredende misforhold» til storleiken på fordringane eller den dekninga fordringane truleg vil få.

3.2 Framlegget i høyringsnotatet

Konkursrådet foreslo i høyringsnotatet at kunngjeringar i samband med konkurs skal skje på Brønnøysundregistra sine sider på internett, og ikkje i Norsk Lysingsblad. Dessutan foreslo Konkursrådet at det skulle vere høve til å rykkje ei tilvising til kunngjeringa inn i ei avis som er alminneleg lesen på staden. Det heiter om dette på s. 12-14:

«Konkursrådet mener at kunngjeringar i forbindelse med konkurs hovedsakelig skal kunngjøres på Internett via Brønnøysunds baser. Dette vil medføre en raskere kunngjøring enn dagens system gjennom Norsk Lysingsblad. Denne kunngjøringsordningen vil også være mer kostnadseffektiv enn dagens ordning.

Konkursrådet foreslår på denne bakgrunn at kkl. § 78 tredje ledd endres slik:

«Føreren av Konkursregisteret sørger for å kunngjøre konkursåpningen ved at denne gjøres kjent gjennom et alminnelig tilgjengelig elektronisk medium. I tillegg kan en kort henvisning til kunngjøringen innrykkes i en avis som er alminnelig lest på stedet. Bobestyreren skal dessuten varsle alle kjente fordringshavere om konkursåpningen.»

Med et «alminnelig tilgjengelig elektronisk medium» siktes det til dagens Internett. Formuleringen er valgt fremfor «Internett» for å holde mulighetene åpne for eventuelle andre fremtidige elektroniske medier som vil kunne erstatte dagens Internett. Det er føreren av Konkursregisteret som skal sørge for at kunngjøringen blir gjort kjent på Internett. Konkursrådet finner det mest rasjonelt at dette gjøres automatisk i forbindelse med registrering av konkurs i Konkursregisteret. Det vil også innebære en kvalitetssikring at informasjonen koordineres via føreren av Konkursregisteret fremfor at den enkelte skifterett selv legger ut kunngjøringen på nettet. Det formodes at kunngjøring her mest hensiktsmessig gjøres via Brønnøysundregistrenes internettsider. Det kan her tenkes at hvert bo tildeles en egen nettadresse hvor løpende informasjon vedrørende bobehandlingen legges ut. (...)

Det foreslås at kunngjøring i Norsk Lysingsblad opphører. Dette har sammenheng med at lysingsbladet primært har profesjonelle brukere. Denne gruppen har i de fleste tilfeller også adgang til Internett og kan f.eks. abonnere på elektroniske lister over åpne konkurser.

Bostyrer skal fortsatt «varsle alle kjente fordringshavere», jf. kkl. § 78 tredje ledd. Varselet kan formidles til den enkelte fordringshaver også på annen måte enn ved at kunngjøringen sendes alle kjente fordringshavere. Varselet må imidlertid være individuelt rettet til den enkelte fordringshaver. Utsendelse av brev adressert til hver enkelt fordringshaver vil normalt være den mest praktiske måten for formidling av varselet. (...)

Endringen av kkl. § 78 tredje ledd nødvendiggjør en endring i kkl. § 109, idet utgangspunktet for fristberegning etter denne bestemmelsen er kunngjøring i Norsk Lysingsblad. Det foreslås derfor at kkl. § 109 tredje ledd endres slik at frist for anmeldelse av fordringer løper fra «den dagen konkursåpningen ble kunngjort.» Med dette siktes det til kunngjøring etter kkl. § 78 tredje ledd.

Utvidelse av søkemulighetene gjør det hensiktsmessig at regelverket gir klart uttrykk for at opplysninger om hvilken skifterett boet behandles ved og hvilket fylke, forretningssted eller bopel boet tilhører, skal registreres og

kunngjøres. Det foreslås derfor endring i kkl. § 78 første ledd nr. 1, samt at det tilføyes et nytt nr. 5.

En utvidelse av søkemulighetene i Konkursregisteret medfører også at konkursregisterforskriftens § 10 annet ledd må oppheves.

Det foreslås videre at konkursregisterforskriften § 10 nytt tredje ledd, endres slik at «opplysninger som enhver kan få oppgitt, skal gjøres tilgjengelig i et alminnelig tilgjengelig elektronisk medium.» Med opplysninger som «enhver kan få oppgitt» siktes det til konkursregisterforskriften § 10 første ledd.»

Høyringsnotatet tok ikkje opp spørsmålet om å endre forma for kunngjering av opning av forhandling om friviljug gjeldsordning eller forhandling om tvangsakkord og dei kunngjeringane som er pålagte etter konkurslova §§ 53, 109, 125 og 136.

3.3 Høyringsfråsegnene

Forslaget om å innføre elektronisk kunngjering av konkursopning er støtta under ulike føresetnader av dei høyringsinstansane som har uttalt seg om det. Følgjande høyringsinstansar har støtta framlegget: *Nærings- og handelsdepartementet, Borgarting lagmannsrett, Oslo skifterett og byskriverembete, Sandefjord tingrett, Trondheim tingrett, Brønnøysundregistra, Domstoladministrasjonen, Skattedirektoratet, Den Norske Advokatforening, Finansnæringens Hovedorganisasjon og Sparebankforeningen, Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring, Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon, Norges Rederiforbund, Norsk Presseforbund og Norsk Redaktørforening og Næringslivets Hovedorganisasjon.*

Fleire høyringsinstansar meiner at det bør vere plikt til å kunngjere konkursopning i ei avis. Fleire høyringsinstansar har òg understreka nytta av at det blir gitt eit individuelt og helst skriftleg varsel til dei kjende fordringshavararane.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet uttaler:

«Spørsmålet må være om tilgjengelighet på internett kan anses å være tilgjengelig for enhver, slik forarbeidene til lov om NL (Norsk lysingsblad) har forutsatt. Konkursrådets forslag til endringer synes i stor grad å forutsette at målgruppen for informasjonen er profesjonelle brukere. Det må på nåværende tidspunkt være grunn til å anta at målgruppen(e) for konkursinformasjon ikke bare omfatter profesjonelle næringsdrivende, men også mindre

bedrifter som ikke alltid er blant de største internett-brukere, og private fordringshavere. Det vil derfor være en forutsetning at alternativ varslings- og informasjonsmåte benyttes aktivt, jf. omtale i notatet.»

Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH) viser til at internettilgangen for små foretak er lav, men uttaler vidare:

«Når HSH likevel kan stille seg bak forslagene er det fordi Konkursrådet samtidig foreslår å opprettholde at alle kjente fordringshavere skal varsles om konkursåpningen, samt at kunngjøringen også skal fremgå av en avis som er alminnelig lest på stedet. Det forhold at man også skal få alle relevante opplysningene ved en direkte henvendelse til Konkursregisteret, jf. forskriftens § 10 nye tredje ledd, gjør forslagene mindre betenkelig. Dette vil hjelpe de kjente fordringshavere som ikke har Internettilgang, og hvor det er uforholdsvist tungvint å ta seg til nærmeste offentlige bibliotek.»

Finansnæringens Hovedorganisasjon og Sparebankforeningen uttaler:

«Vi støtter forslaget om at dagens ordning hvoretter bobestyrer skal sende underretning om konkursåpningen til alle kjente fordringshavere, opprettholdes. Etter vår oppfatning bør det imidlertid også være lovens hovedregel at det skal foretas en kort henvisning til kunngjøringen i en avis som er alminnelig lest på stedet. Personlig underretning og annonse i en lokalavis bidrar samlet til at flest mulig av kreditorene blir gjort oppmerksomme på at konkurs er åpnet og at ytterligere informasjon om bobehandlingen fås på Konkursregisterets nettsider. Vi antar dessuten at kostnadene knyttet til personlig underretning og annonsering i lokalavis vil være begrenset og neppe belaste boets ressurser i avgjørende grad.»

Den norske Revisorforening understreker at regelen i konkurslova § 78 tredje ledd om at bustyreren skal varsle alle kjende fordringshavere direkte, bør bli vidareført. Foreninga meiner vidare at kunngjering i avis inntil vidare bør vere obligatorisk.

Norsk Presseforbund og Norsk Redaktørforening har også peika på at det er viktig at kunngjering om opning av konkurs, innkalling til skiftesamling, forslag om innstilling av bobehandling og kunngjering om slik innstilling blir annonsert fast i ei avis som er «alminnelig lest på stedet». Dei meiner denne annonseringa bør vere obligatorisk.

3.4 Departementets vurderingar

Departementet foreslår å følgje opp Konkursrådet sitt framlegg om at kunngjering av konkursopning i Norsk Lysingsblad blir erstatta av elektronisk kunngjering. Departementet foreslår at den elektroniske kunngjeringa skal bli lagt ut på Brønnøysundregistra sin elektroniske kunngjeringspublikasjon.

Føremålet med kunngjering av konkursopning etter konkurslova § 78 er å gjere fordringshavarar og potensielle framtidige medkontrahentar merksame på at det er opna konkurs hos skyldnaren. Vidare er eit viktig føremål å kunngjere tidspunktet for skiftesamlinga og fristen for å melde fordringar. Kunngjeringa er difor viktig for at ikkje minst fordringshavarane skal kunne ivareta sine interesser andsynes konkursbuet. Departementet ser det slik at elektronisk kunngjering vil vere like verknadsfullt, og vil nå dei same målgruppene som dagens kunngjering i Norsk Lysingsblad. Dei høyringsinstansane som har uttalt seg om forslaget, er av same oppfatning.

Norsk Lysingsblad hadde ved tusenårsskiftet om lag 9000 abonnentar. Dei aller fleste av desse var profesjonelle aktørar som offentlege myndigheter, bankar og finansinstitusjonar. Departementet legg difor til grunn at å erstatte kunngjeringa i Norsk Lysingsblad med elektroniske kunngjeringar, i første rekkje vil vere av betydning for dei profesjonelle aktørane. For denne gruppa ser departementet ingen avgjerande omsyn som taler mot å innføre elektroniske kunngjeringar. Dette er ei gruppe med god internettilgang og gode mogelegheiter til å skaffe seg informasjon elektronisk. For denne gruppa vil elektroniske kunngjeringar normalt òg gi eit betre tilbod enn kunngjering i lysingsbladet. I dag kan det gå inntil ti dagar frå orskurden om konkursopning til kunngjeringane er rykt inn i avisene og Norsk Lysingsblad. Med elektronisk kunngjering vil kunngjeringa kunne vere tilgjengeleg allereie dagen etter konkursopninga. Brønnøysundregistra sine basar vil også kunne lagre opplysningar over lengre tid slik at ein ikkje går glipp av ei kunngjering om ein ikkje får lese siste nummer av kunngjeringspublikasjonen.

Andre brukarar enn dei som i dag abonnerer på Norsk Lysingsblad, vil i dag måtte få tak i lysingsbladet på bibliotek eller ved eit anna offentleg kontor som har bladet tilgjengeleg, om dei ønskjer å lese det. Det må vere klart at å leggje kunngjeringa ut på internett vil auke tilgangen på kunngjeringsinformasjonen også for denne gruppa. Alle har ikkje tilgang til internett frå hei-

men eller arbeidsstaden. Men ein vil då kunne få tilgang til informasjonen ved å nytte internetttilgangen på eit bibliotek eller annan stad der ein kan låne ein datamaskin.

Departementet legg òg vekt på at ein del selskapskunngjeringsallereie er flytta til Brønnøysundregistra sin elektroniske kunngjeringspublikasjon. Det gjeld mellom anna kunngjeringsallereie om nyregistrerte føretak etter lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av føretak § 6-2, kunngjeringsallereie om oppløysing av ansvarleg selskap etter lov 21. juni 1985 nr. 83 om ansvarlege selskaper og kommandittselskaper § 2-39 andre ledd, kunngjeringsallereie om oppløysing av aksjeselskap og allmennaksjeselskap etter aksjelova og allmennaksjelova § 16-4 og diverse andre kunngjeringsallereie etter aksjelova og allmennaksjelova. Vidare legg departementet vekt på den vesentlege kostnadssparinga ein oppnår ved å erstatte kunngjeringsallereie i lysingsbladet med elektronisk kunngjeringsallereie.

Kunngjeringsallereie om opning av gjeldsforhandling og tvangsakkord jf. konkurslova §§ 6 og 35, skal langt på veg ivareta dei same omsyna som kunngjeringsallereie om opning av konkurs. Departementet meiner at når konkursopningskunngjeringsallereie blir flytta frå lysingsbladet til den elektroniske kunngjeringsallereiepublikasjonen, bør det same gjelde desse kunngjeringsallereie. Brukarane bør kunne finne alle desse opplysningane på den same staden.

Departementet kan heller ikkje sjå at det er omsyn som tilseier at det bør vere annleis for kunngjeringsallereie av stadfesting av akkord etter konkurslova § 53, innstilling av buhandsaminga etter konkurslova § 125 eller etter konkurslova § 136, samt innkalling til skiftesamling der fristen for melding av fordringar ikkje er ute, jf. konkurslova § 93.

I den elektroniske kunngjeringsallereiepublikasjonen bør det etter departementet sitt syn vere høve til å søkje på namn, eit definert tidsrom, eit geografisk område, bransje og eventuelt andre tilsvarende kriterium i dei elektroniske kunngjeringsopplysningane. Det må fastsetjast forskrift om dette før lova blir sett i kraft.

Departementet foreslår ein forskriftsheimel for reglar om sletting av opplysningar i kunngjeringsallereiepublikasjonen, jf. forslaget til nytt sjettemte ledd i konkurslova § 156. Kunngjeringsallereiepublikasjonen skal ikkje fungere som eit historisk arkiv der ein kan søkje etter kunngjeringsallereieinformasjon. Det er viktig med gode sletterutinar ut frå omsynet til personvernet. Men det kan vere grunn til å la opplysningane vere tilgjengelege til bruk for forskning i lengre tid enn dei blir gjort allment tilgjengelege, i og med at ein ikkje lenger vil kunne få historiske opp-

lysningar om kunngjeringsallereie etter konkurslova frå lysingsbladet.

Framlegget byggjer på at elektronisk kunngjeringsallereie skal vere gratis for konkursbu og for andre brukarar som søker informasjon om kunngjeringsallereie i Brønnøysundregistra sin kunngjeringsallereiepublikasjon. Spørsmålet om abonnement på kunngjeringsallereie er omtala i punkt 4 nedanfor.

Departementet har valt å nytte omgrepet «Brønnøysundregistrenes elektroniske kunngjeringsallereiepublikasjon», fordi dette omgrepet er nytta i lovverket frå før. Omgrepet er ikkje meint å vere førande for dei teknologiske løysingane, men gir uttrykk for kven som har ansvaret for publikasjonen. Departementet har vidare valt å ikkje nytte omgrepet «internett», då ein ikkje ønskjer å gi inntrykk av å knyte kommunikasjonen til eit konkret verktoy eller system. Lovteksten vil ikkje stengje for eit eventuelt framtidig skifte av kommunikasjonsmedium.

I høyringsnotatet frå Konkursrådet var det ikkje gjort framlegg om at avis-kunngjeringsallereie skulle vere obligatoriske, men når det blir kunngjeringsallereie i ei avis var det foreslått at kunngjeringsallereie skulle endrast til korte tilvisingar til den elektroniske kunngjeringsallereie. Fleire av høyringsinstansane, mellom anna Den norske Revisorforening, Finansnæringsallereie Hovedorganisasjon og Sparebankforening og Handels- og Servicenæringsallereie Hovedorganisasjon, har gitt uttrykk for at det framleis bør vere plikt til avis-kunngjeringsallereie.

Departementet foreslår i proposisjonen her at kunngjeringsallereie framleis skal skje i avis, men at kunngjeringsallereie som hovudregel skal skje i forkorta form.

Ein kan gå ut frå at kunngjeringsallereie i lysingsbladet eller på internett i konkurs- og gjeldsforhandlingssaker sjeldan blir undersøkt regelmessig av andre enn dei større profesjonelle abonnentane. Kunngjeringsallereie i avis rekkjer derimot også fram til brukarar som ikkje undersøker lysingsbladet jamnleg. Avislesarane vil kan hende meir tilfeldig leggje merke til at til dømes ein forretningskontakt er konkurs.

Når det gjeld privatpersonar og små- og mellomstore verksemdar, og då særleg verksemdar i handels- og servicenæringsallereie, er internetttilgangen lågare enn for dei større verksemdene. For desse gruppene legg departementet til grunn at kunngjeringsallereie i lokalpressa og personlig varsling til den enkelte fordringshavaren framleis vil vere naudsynt i tillegg til elektronisk kunngjeringsallereie. Departementet ser difor grunn til å oppretthalde ei obligatorisk kunngjeringsallereie av opning av gjeldsforhandling og konkurs i lokalpressa. Å oppretthalde kunngje-

ringane i lokalpressa, har også ei mediepolitisk side som bør tilleggjast ei viss vekt.

Det er på den andre sida ønskjeleg å redusere kostnadene ved aviskunngjeringane. Departementet foreslår difor at kunngjeringane som hovudregel skal vere forkorta. Dei skal vise til kunngjeringa i Brønnøysundregistra sin elektroniske kunngjeringspublikasjon. Krav til innhaldet av dei forkorta kunngjeringane i lokalpressa kan fastsetjast i forskrift. Departementet gjer framlegg om heimel til å gi slik forskrift i konkurslova § 156 nytt sjetste ledd. Når det gjeld konkursopningar, vil det vere naudsynt at aviskunngjeringa i det minste identifiserer skyldnaren og kor han driv verksemd, og gir opplysning om kven som er bustyrar og kva tid første skiftesamling skal haldast. Vidare må det opplysast kor ein kan finne ytterlegare informasjon om konkursen. Ei kunngjering om innstilling av buhandsaminga etter konkurslova § 136 tredje ledd vil ikkje vere så omfattande at det er naudsynt med forkorta form i avisene.

Departementet foreslår å vidareføre regelen om at bustyraren skal sende kunngjering om opning av konkurs til alle kjende fordringshavarar, jf. konkurslova § 78 tredje ledd andre punktum, og tilsvarende ved opning av forhandling om tvangsakkord der det tidlegare har vore forhandla om friviljug gjeldsforhandling, jf. konkurslova § 35 tredje ledd. Eit særskilt brev har ein klårare varslingsfunksjon enn kunngjering elektronisk og i avis. Det er rimeleg og hensiktsmessig at fordringshavarar som er kjende for skyldnaren og bustyraren eller leiaren av gjeldsnemnda, får særskilt melding om konkursopninga eller om opning av forhandling

om tvangsakkord. Som ein konsekvens av framlegget om ein auka bruk av elektronisk kommunikasjon under buhandsaminga bør fordringshavarane i meldinga få ei orientering om ei eventuell buside, og bli spurt om dei godtar bruk av elektronisk kommunikasjon.

Endringa av kunngjeringsforma gjer det vidare naudsynt å endre konkurslova § 109. Konkurslova § 109 tredje ledd fastset at fristen for å melde krav i konkursbuet skal reknast frå den dagen kunngjering blei rykt inn i Norsk Lysingsblad. Departementet gjer framlegg om å endre konkurslova § 109 tredje ledd slik at fristen skal reknast frå den dagen opninga av konkurs blir kunngjort i den elektroniske kunngjeringspublikasjonen. Det må difor gå fram av kunngjeringa kva for dag innrykinga skjedde.

Departementet gjer vidare framlegg om ei endring i konkurslova § 78 første ledd, slik at det skal gå fram av kunngjeringa om konkursopning kva for domstol som handsamar konkursbuet.

Konkursrådet hadde i høyringsnotatet foreslått at kunngjeringa skal opplyse kva for fylke skyldnaren sin bopel eller forretningsadresse tilhøyrer. Departementet foreslår ikkje å vidareføre dette forslaget. Departementet legg til grunn at denne opplysninga i dei fleste tilfella kan bli skaffa automatisk på grunnlag av postadressa.

Endringa i kunngjeringsforma vil forutan endringane i konkurslova §§ 6, 35, 78, 93, 109, 136 og 156 gjere det naudsynt med endringer i konkursregisterforskrifta § 9, som har nærare reglar om kven som skal sørge for kunngjering i lysingsbladet.

4 Abonnement på kunngjeringsopplysningar

4.1 Innleiing

Det let seg i dag ikkje gjere å abonnere på elektroniske opplysningar frå Konkursregisteret. Forskrift 23. august 1993 nr. 824 om konkursregisteret (konkursregisterforskrifta) § 10 andre ledd fastset at for å få opplysningar frå Konkursregisteret, må sikker identifikasjon oppgis. Vilkåret om sikker identifikasjon er tolka som eit forbod mot masseavgjeving av opplysningar frå Konkursregisteret, jf. rundskriv G 128/93 24. august 1993 frå Justisdepartementet.

Den elektroniske kunngjeringspublikasjonen vil innehalde færre opplysningar om konkurs enn Konkursregisteret gjer i dag. Kunngjeringspublikasjonen vil bli administrert av Konkursregisteret, og det vil bli overført opplysningar frå Konkursregisteret til kunngjeringspublikasjonen. Men kunngjeringspublikasjonen vil ikkje innehalde fleire opplysningar enn det som i dag finst i Norsk Lysingsblad, med unntak for at det etter framlegget skal gis opplysning om kva for ein domstol som handsamar buet, jf. punkt 3.4. Departementet vil ikkje karakterisere den nye kunngjeringspublikasjonen som ein del av Konkursregisteret. Forbodet mot masseavgjeving av opplysningar frå Konkursregisteret etter konkursregisterforskrifta § 10 andre ledd vil difor, slik departementet ser det, ikkje gjelde for kunngjeringspublikasjonen.

4.2 Framlegget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet gjorde Konkursrådet framlegg om elektronisk abonnement på kunngjeringsopplysningar om konkursopning og på oppdateringar og meldingar om konkurshandsaminga. Om dette heiter det på s. 26:

«Det foreslås at det legges til rette for elektronisk abonnement både på kunngjeringar om konkursopning og på oppdateringar og meldingar under konkursbehandlingen. Det formodes at det kan etableres to forskjellige typer abonnementsordningar. Utvalgte instanser skal kunne få informasjon direkte inkorporert i sitt datasystem, mens andre kan få tilsendt

informasjon per e-post ved å melde seg på en liste enten for et bestemt bo, bestemte typer bransjer eller et bestemt fylke, osv.

Gjeldende regelverk bør ikke være til hinder for en slik løsning. En abonnementsordning vil langt på vei kunne ivareta samme behov som avisene og Norsk Lysingsblad gjør etter dagens system. I tillegg vil abonnentene på forhånd kunne velge ut hvilke bo de vil ha informasjon om etter de samme kriterier som gjelder for elektroniske søk i kunngjeringsbasene, og dette vil gjøre informasjonsutvekslingen mer effektiv for alle parter.

For de instansene som tildeles et abonnement i form av at informasjonen inkorporeres direkte i deres datasystem vil abonnementsordningen innebære betydelige besparelser ved at det ikke lenger er behov for manuell behandling av opplysningene. En slik ordning vil også kunne styrke personvernet ved at antall potensielle feilkilder reduseres og informasjonskvaliteten dermed økes. Ved overføring av informasjon mellom ulike datasystemer må personnummer eller organisasjonsnummer brukes som identifikatorer.

Det vil være kostnader forbundet med å lage og tilpasse de datatekniske løsningene. Det bør imidlertid kunne stilles krav også til mottakersiden, for eksempel ved at de instanser som ønsker å bli tildelt et tungt abonnement må tilfredsstille visse datatekniske krav for å bli godkjent. Det bør være opp til Konkursregisteret i samråd med departementet nærmere å utforme abonnementsordninger. »

4.3 Høyringsfråsegnene

Dei høyringsinstansane som har uttalt seg om spørsmålet, stiller seg positive til forslaget om å innføre abonnementsordningar.

Arbeidstilsynet uttaler:

«Direktoratet har gjennom lønnsgarantiforvaltningen flere tusen boer aktive til enhver tid. I 2002 mottok direktoratet søknader i ca 2000 konkursbo, i tillegg kommer noen tusen bo fra tidligere år som ennå ikke er avsluttet eller meldt til direktoratet som avsluttet. Å kunne følge opp bobehandlingen elektronisk i et så

stort antall boer som det her er tale om, vil kunne forenkle deler av lønnsgarantiforvaltningen betraktelig. En klar forutsetning er imidlertid at direktoratet ikke aktivt må innhente aktuell informasjon for hvert enkelt bo. Videre må koblingen mellom direktoratet og de aktuelle boene kun skje i de boene hvor det foreligger lønnsgarantisøknader, og ikke i boer som er uaktuelle i lønnsgarantisammenheng.»

Arbeidstilsynet meiner vidare at ei abonnementsordning bør vere kostnadsfri for direktoratet.

Skattedirektoratet uttaler:

«Høringsnotatet åpner for at offentlige myndigheter kan omfattes av en abonnementsordning hvor det gis elektronisk melding om konkurs-åpning, oppdateringer og meldinger fra konkursbasen og direkte inn i myndighetenes datasystem. Dette vil representere en kraftig forbedring i forhold til dagens system, hvor manuell oppfølging ofte er nødvendig. Gjennom en elektronisk abonnementsordning vil kreditorene i langt større grad få tilgang til relevant informasjon. Dessuten vil kreditorene få tilgang til opplysninger vesentlig raskere enn for eksempel gjennom kunngjøring i Norsk Lysingsblad.

Skattedirektoratet mener for øvrig at en abonnementsordning langt på vei er en *forutsetning* for at informasjonsutvekslingen skal bli effektiv for skatte- og avgiftskreditorene.»

Finansnæringens Hovedorganisasjon og Sparebankforeningen uttaler:

«Utformingen av søkemulighetene forutsettes nærmere klarlagt i forskrifter. Konkursrådet fremhever i denne sammenheng på s. 10 at det bør være mulig å søke på navn, geografisk område, definert tidsrom, næringskode og lignende. Konkursrådets forslag synes å innbefatte de mest praktiske søkeparametre. Vi forutsetter her at organisasjonsnummer, eventuelt fødselsnummer for personlige konkurser, ligger inn under «og lignende». Etter vår oppfatning bør imidlertid Konkursregisterets kunngjøringssider også ha en generell oversikt over registrerte konkurser på landsbasis i en bestemt periode, for eksempel de siste 30 dager. Dette vil lette kreditorenes mulighet til å

holde seg løpende oppdatert, og vil kunne dekke noen av de praktiske behov som Norsk lysningsblad ivaretar i dag.»

Også *Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring* støtter forslaget.

4.4 Departementets vurderingar

Departementet foreslår å innføre ein skyldnad for Brønnøysundregistra til å leggje til rette for abonnementsordningar for kunngjeringsopplysningar om konkurs og gjeldsforhandling. Regelen går fram av forslaget til ny konkurslova § 156 a første og andre punktum. Abonnementsordningane skal gi ein enklare og meir tilpassa informasjonstilgang for brukarane. Brukarane skal kunne få nytte av at meir informasjon no blir tilgjengeleg elektronisk. Ein brukar vil til dømes kunne abonnere på kunngjeringsopplysningar frå eit fylke eller frå ein bransje. Brukaren vil då kunne få oppdatert informasjon så snart den er kunngjort. Kunngjeringsopplysningane skal vere allment tilgjengelege. Dette inneber at kven som helst kan abonnere på kunngjeringsopplysningar om berre dei tekniske føresetnadene ligg føre for å motta informasjon via eit abonnement.

Departementet meiner det er naudsynt med ein forskriftsheimel for å gi reglar om på kva måte eit abonnement på kunngjeringsopplysningar kan avgrensast, og om finansiering av abonnementsordninga. Vidare kan det vere naudsynt med forskriftsføresegnar om kva for tekniske føresetnader som må vere oppfylt på mottakarsida for å få informasjonen via eit abonnement. Det er foreslått å gi heimel for slike forskrifter i utkastet til konkurslova § 156 a andre punktum. Det vil vere naturleg at forskriftsføresegnene blir tatt inn som ein del av forskrifta om Konkursregisteret, ved at forskrifta sitt verkefelt blir utvida til å gjelde også den elektroniske kunngjeringspublikasjonen.

I konkurslova § 156 a tredje punktum foreslår departementet ein heimel for forskrift om at fordringshavarar og offentlege myndigheter skal kunne motta informasjon frå elektroniske busider i form av ein abonnementsliknande ordning.

5 Elektronisk kommunikasjon under handsaming av konkursbu

5.1 Gjeldande rett

Konkurslova har fleire føresegner om korleis kommunikasjonen til og frå gjeldsnemnda eller bustyraren skal gå føre seg. Lova nyttar til dømes ordet «sende» i §§ 19, 21, 24, 25, 26, 27, 35, 36, 38, 38 a, 40, 45, 53, 79, 111, 117 a, 120, 121, 122 og 132. Ordet «skriftlig» er nytta i §§ 24, 40, 44, 56, 109, § 117 bokstav a, b og c og i §§ 119, 123, 130 og 149.

At omgrep som «sende» eller «skriftlig» er nytta i lovteksten, er ikkje einstyddande med at ein ikkje kan nytte elektronisk kommunikasjon. Spørsmålet om elektronisk kommunikasjon var ikkje aktuelt og blei ikkje vurdert då konkurslova blei utforma. Men omgrep som «sende» og «meddele» må etter departementet sitt syn i utgangspunktet tolkast som teknologinøytrale. Omgrepet «skriftlig» vil innebere eit krav om at det er nytta skriftteikn, men treng ikkje vere til hinder for at eit dokument blir utforma og sendt elektronisk. Generelt må det etter gjeldande rett følgje av ei tolking av den enkelte paragrafen og dei omsyna som gjer seg gjeldande knytt til den enkelte regelen, om elektronisk kommunikasjon er tillate. Når lova krev at det skal nyttast «rekommantert brev», jf. til dømes konkurslova § 37, vil dette vere eit krav om eit rekommantert brev i papirform.

Konkurslova § 156, som gjeld både gjeldsforhandling og konkurs, gir heimel for forenkla melding til fordringshavarane i særskilte tilfelle. For å kunne nytte forenkla melding etter § 156 er det eit vilkår at «omkostningene ved å benytte den påbudte fremgangsmåte vil stå i fremtredende misforhold til fordringenens størrelse eller den dekning de kan ventes å få». Om ein kan gi melding på ein «annen» og meir kostnadseffektiv måte, vil difor måtte vere basert på ei økonomisk vurdering. Det at ei forenkla melding vil gi sparte kostnader for buet, er ikkje i seg sjølv tilstrekkeleg for å nytte forenkla melding. Forenklinga kan vere at meldinga skjer på ein annan, enklare måte, til færre personar, eller at det ikkje blir gitt melding i det heile. Det er lagt til grunn i Wiker/Ro, Konkursloven Kommentarutgave, Oslo 2003 på s. 577 at forenkla

melding mellom anna kan skje ved elektronisk kommunikasjon. Men som det går fram ovanfor, meiner departementet at jamvel lova sine hovudreglar om sending av meldingar mv. kan gi høve til elektronisk sending. Nokre advokatfirma har i dag lagt ut informasjon om konkursbu på internett, men slik at fordringshavarar må ha passord for til dømes å se ei buinnberetning.

Konkurslova har fleire føresegner om kommunikasjon med retten. Det gjeld til dømes konkurslova § 66 om korleis ei konkursbegjæring skal setjast fram, og konkurslova § 120 første ledd om at bustyraren skal gi innberetning til tingretten. I kva mon elektronisk kommunikasjon kan nyttast andsynes domstolen, følgjer av domstollova § 197 a. Domstollova § 197 a første ledd fastset at Kongen ved forskrift kan fastsetje at kommunikasjon med domstolane som etter lova skal skje skriftleg, også kan skje elektronisk. Føresegna blei vedtatt ved lov 25. april 2003 nr. 24, men er så langt ikkje sett i kraft.

5.2 Framlegget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet uttalte Konkursrådet på s. 14 mellom anna:

«Etter konkursloven skal bostyrer gi ulike meddelelser og forsendelser til kreditorene og utvalgte instanser, jf. §§ 111, 120, 121, 122 og 128. Ved siden av dette må bostyrer besvare henvendelser fra kreditorer og andre om fremdriften i bobehandlingen. Det foreslås at denne informasjonsutvekslingen i størst mulig grad skal kunne skje elektronisk via Brønnøysundregistrenes internettside og databaser. Det foreslås at hvert enkelt bo skal få en egen kunngjøringside hvor også annen informasjon i bobehandlingen legges ut. Denne siden (som egentlig er en søkemaske) vil f.eks. kunne fremstå som en forlengelse av kunngjøringen om konkursåpning.

På boets kunngjørings- og informasjonsside vil viktig informasjon om bobehandlingen kunne gjøres tilgjengelig for kreditorene, offentlige myndigheter og andre.

Det er av stor betydning for kreditorene og offentlige myndigheter at den viktigste informasjonen om boet er tilgjengelig til enhver tid på Internett. Når bobehandlingen går over en tid vil kreditorene ikke alltid ha tatt vare på forrige innberetning. Det vil derfor være en betydelig fordel om kreditorer til enhver tid kan søke på boets navn og få frem nøkkelopplysninger som f.eks.:

- Åpningsdato
- Fristdag
- Innberetninger i boet
- Når boet er tatt opp til slutning
- Hvilken dividende som ventes
- Når bobehandlingen er avsluttet»

Konkursrådet ga vidare ein analyse av kva for opplysningar som burde bli lagt ut på internett. Rådet foreslo at følgjande dokument, meldingar og opplysningar skulle kunne bli formidla til fordringshavarane via internett:

- innkalling til skiftesamling etter at fristen for å melde fordringar er ute, jf. konkurslova § 93,
- varsel om prøving av fordringar, jf. konkurslova § 111,
- buinnberetningane, jf. konkurslova § 120,
- hovudinnhaldet i rekneskapet og sluttreiegreininga, jf. konkurslova § 122,
- varsel om at buet skal bli tatt opp til slutning, jf. konkurslova § 122 andre ledd,
- bustyrarens innstilling om innstilling av buet etter konkurslova § 135 eller § 136, og
- utlodninga og opplysning om klagerett over utlodninga, jf. konkurslova § 130.

På s. 6 i høyringsnotatet heiter det om omsynet til personvernet knytt til å leggje buinnberetninga ut på internett:

«Det vil være teknisk mulig å gradere tilgjengeligheten av ulike opplysninger i beretningen. Det kan f.eks. legges opp til at en kategori er allment tilgjengelig, en annen kategori er tilgjengelig for kreditorene, mens en tredje kategori bare er tilgjengelig for politiet. En gradering av tilgjengeligheten av opplysningene vil imidlertid medføre økt bruk av administrative ressurser i form av tildeling av passord og innloggingsprosedyrer. Det foreslås derfor ikke en gradering av opplysninger i boinnberetningen, med unntak av at mistanke om straffbare forhold ikke skal oppgis. Det er for øvrig ikke nødvendigvis motstrid mellom økt tilgjengelighet av informasjon og personvern hensyn. Konkurs er i mange tilfeller omtalt i pressen. Ved å gjøre opplysninger lettere tilgjengelig for allmennheten skapes en alternativ informasjonskilde til pressens gjengivelse av saker. Dette kan i seg selv styrke den enkeltes personvern.»

Rådet foreslo at opplysningar om mistanke om straffbare forhold eller faktiske straffbare forhold ikkje skulle bli gjort kjent via internett.

Konkursrådet foreslo vidare at dei opplysningane som blei formidla via internett, skulle vere tilgjengelege i to år etter avsluttande orskurd eller utlodding.

5.3 Høyringsfråsegnene

Fleire høyringsinstansar støttar ein auka bruk av elektronisk kommunikasjon under handsaminga av konkursbu. Samstundes er instansane langt på veg delte i synet på om framlegget i høyringsnotatet legg opp til ein god modell for elektronisk kommunikasjon under buhandsaminga.

Ni av instansane (*Nærings- og handelsdepartementet, Sandeffjord tingrett, Den Norske Advokatforening, Finansnæringens Hovedorganisasjon og Sparebankforeningen, Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring, Norges Rederiforbund og Norsk Presseforbund og Norsk Redaktørforening*) støttar langt på veg forslaget i høyringsnotatet. Men Norsk Presseforbund og Norsk Redaktørforening er ikkje samd i Konkursrådet sitt resonnement når det gjeld avgrensa tilgang til ein skilde opplysningar frå rapportane frå bustyraren. Dei to foreiningane uttaler mellom anna:

«I Norge er det lang tradisjon for stor grad av åpenhet rundt konkursbehandlinger. (...) I høyringsnotatet understrekes det også at en gradering av opplysningene i boinnberetningen vil medføre praktiske problemer og kostnader, blant annet i form av passord- og påloggingsadministrasjon. Derfor er det med en viss undring vi registrerer at rådet ønsker å skille ut de anførsler i innberetningene som gjelder mistanke om straffbare forhold.

En utelatelse av slike opplysninger vil gjøre den offentlige innberetning ufullstendig, og innebære at ulike grupper får ulik informasjon. De som da kun forholder seg til den versjonen som ligger ute på nettet, vil ikke vite hvorvidt bostyret mener det er grunnlag for mistanke om straffbare forhold. Svært mange vil da måtte kontakte bostyrer for å få en papirutgave av innberetningen, eller i det minste undersøke hos bostyrer hvorvidt det foreligger en mistanke som nevnt. Dette virker tungvint, og dels forvirrende.»

Finansnæringens Hovedorganisasjon og Sparebankforeningen uttaler:

«Vi har ingen innvendinger mot at opplysninger vedrørende mistanke om straffbare forhold

samt opplysninger om stiftere og eiere samt opplysninger om daglig leder og styrelederen har lederansvar eller styreverv i foretak – ut i fra personvern hensyn – ikke legges inn i registeret. Vi forutsetter imidlertid at opplysninger vedrørende mistanke om straffbare forhold fortsatt skal fremgå av bobestyrers innberetning og at denne innberetningen kan fås ved henvendelse til bobestyreren.»

Dei andre instansane som uttaler seg om forslaget, har til dels omfattande innvendingar basert særleg på personvernmessige omsyn, men også på meir praktiske omsyn. Følgjande instansar har innvendingar mot sider ved framlegget: *Finansdepartementet, Arbeidstilsynet, Brønnøysundregistra, Datatilsynet, Domstoladministrasjonen, Oslo skifterett og byskriverembete, Trondheim tingrett, Den norske Revisorforening og Næringslivets Hovedorganisasjon.*

Finansdepartementet er einig i at opplysningar vedrørende mistanke om straffbare forhold ikkje bør bli gjort tilgjengelege for kven som helst via internett. Men departementet peiker på at det må bli avklart korleis kreditorfellesskapet kan få tilgang til bustyret sin vurdering av mogelege straffbare forhold, og at det vil være uheldig om kreditorfellesskapet ikkje får tilgang til desse opplysningane.

Brønnøysundregistra uttaler:

«Konkursrådet har forutsatt at Konkursregisteret skal foreta enn viss kontroll og godkjenning av boinnberetningene før opplysningene legges ut på Internett. Vi er enig i at en kontroll av innholdet i innberetningene vil bli for omfattende og tidkrevende.

Hvis innberetningene legges ut på nett er det en viss mulighet for at Justisdepartementet ved Konkursregisteret blir ansvarlig for at eventuelle vurderinger av straffbare forhold eller opplysninger om noens personlige forhold gjøres offentlig tilgjengelig.»

Domstoladministrasjonen uttaler følgjande om framlegget om å leggje buinnberetninga ut på internett utan eventuelle merknader om mistanke om straffbare forhold:

«Dette vil føre til en løsning hvor bostyrer må oversende en versjon av innberetningen til tingretten og en annen versjon av innberetningen til Konkursregisteret. I seg selv fremstår det som lite ønskelig at det skal være to versjoner av innberetningen tilgjengelig.»

Datatilsynet uttaler mellom anna:

«Datatilsynet vil på generelt grunnlag påpeke at en publisering av personopplysninger på

internett i seg selv innebærer en økt personverntrussel, i motsetning til om man kun gis tilgang til de samme personopplysninger gjennom dokumentinnsyn hos offentlige organer med hjemmel i offentlighetsloven eller annen særlov. Det er intet moment i denne sammenheng at publiseringen kun omfatter opplysninger som er offentlig tilgjengelig. Publisering av et register på internett med fri tilgang til et stort omfang av opplysninger for enhver som måtte ønske det, uavhengig av personopplysningenes art, er i strid med grunnleggende prinsipper i personvernretten. Grunnvilkårene for behandling av personopplysninger krever at behandlingen skal være saklig begrunnet i virksomheten. Kun personopplysninger som er relevante for formålet skal behandles, og videre skal tilgang til personopplysninger kun gis til personer med et tjenestelig behov. Selv om en del av opplysningene allerede publiseres på internett i dag, vil en publisering av Konkursregisteret i sin helhet innebære en trussel mot personvernet i en helt annen grad. Opplysningene som er publisert slik i dag, er dessuten passordbeskyttet dersom de finnes på advokatfirmaers hjemmeside, og beskyttet av kravet om «sikker identifikasjon» i konkursregisterforskriftens § 10 i andre sammenhenger.»

(...)

«Det er bærende prinsipper i personvernretten at man ikke skal ha tilgang til mer informasjon enn man har saklig behov for, og at kun relevant informasjon skal behandles. Ved behandling av følsomme opplysninger, som for eksempel økonomi, inntreer normalt et skjerpet relevanskrav. Ved å fjerne det tidligere skillet mellom kunngjøring, meddelelse og innsyn, er disse prinsippene ikke hensyntatt, og vurderingen fremstår som lite forholdsmessig. Tiltaket kan av mange oppfattes som integritetskrenkende, og bør således stå i forhold til det ønskede formål.

Opplysninger om konkurs er som regel ikke opplysninger om straffbare forhold. Oppfattelsen blant folk flest, er imidlertid en noe annen, og dette bør tas hensyn til når slike opplysninger vurderes publisert på internett. Debatten om publisering av likningsdata på internett, viser at mange betrakter endog triviale opplysninger, som belastende. Dette må invitere til en drøftelse av spørsmålet hvorvidt alle publiseringsmuligheter bør tas i bruk fordi de er teknisk mulige og økonomisk interessante. Internett er et medium som er radikalt forskjellig fra tidligere publiseringsmetoder, hva gjelder tilgang, spredning og misbrukspotensial. Negativiteten knyttet til det å bli registrert i konkursregisteret, og den påfølgende

stigmatiserende effekt, vil således være mer fremtredende.»

Datatilsynet er enig i at opplysninger om mistanke om straffbare forhold ikkje skal publiserast på internett.

Oslo skifterett og byskriverembete uttaler:

«Konkursloven § 120 setter krav til innberetningen, herunder at det skal opplyses om mistanke om straffbare forhold. Vi har noe vansker med å forstå at ikke noe skal kunne la seg registrere og kunne publiseres på internett. Man må finne seg i slike vurderinger i forbindelse med konkursbehandling. At det lett blir mange straffbare forhold skyldes også at mindre overtredelser av offentlig regelverk er straffbare. Det er imidlertid viktig at også bostyrerne er konkrete, begrunnede og relevante i sin omtale.»

Trondheim tingrett uttaler mellom anna:

«At boinnberetningen (e) blir gjort tilgjengelige på Internett er vel og bra, jf innsparingseffekten bl.a. i forhold til porto og mangfoldiggjøring. (...) Konkursrådets forslag til teknisk løsning (...) – at det skal utarbeides en elektronisk standardmal, synes imidlertid urasjonell. Dersom det legges opp til at bostyrer skal fylle ut innberetningsskjemaet, eventuelt også i redigert utgave, vitner dette i så fall om dobbeltarbeid. Dersom endringsforslaget på dette punkt er å forstå slik at Internettutgaven av boinnberetningen skal/kan ha et annet innhold enn den som allerede er utarbeidet av bostyrer - og som er godkjent av retten – bør redigeringsarbeidet alene foretas av konkursregisteret.»

Den norske Revisorforening uttaler:

«Vi er naturligvis enig i at mistanke om straffbare forhold må unntas. Ethvert forhold som skal registreres, og enhver informasjon som skal utleveres, bør imidlertid være korrekt (...). I praksis hender det ofte at et utkast til borapport eller rapport fra borevisor ikke blir forelagt de impliserte parter, deriblant den valgte revisor, før den sendes ut. Dette har i mange tilfelle ført til at borapporten inneholder misforståelser som kunne vært rettet. I noen tilfelle blir valgt revisor også innrapportert til Kredittilsynet på grunnlag av slike misforståelser. Dette kan ha meget uheldige konsekvenser. Det er derfor vår oppfatning at enhver mistanke eller innberetning til tilsynsorgan bør unntas fra den informasjon som skal registreres og eventuelt senere utleveres. Det er først når det foreligger en endelig avgjørelse at man har grunnlag for å si at informasjonen er korrekt. Når det gjelder valgt revisors forhold,

peker vi for øvrig på at dersom det er grunnlag for disiplinære reaksjoner, skal slike registreres i revisorregisteret hvor informasjonen er offentlig tilgjengelig, jf. revisorloven §§ 10-1 og 10-3. For revisor kan vi derfor heller ikke se at det er noen saklig grunn til å registrere informasjon om innberetningen til tilsynsmyndighetene.»

Næringslivets Hovedorganisasjon støtter i hovudsak forslaget, men uttaler:

«NHO er opptatt av at det tas tilstrekkelig hensyn til personverninteresser ved en eventuell omlegging til elektronisk informasjonsutveksling. Vi forutsetter at departementet foretar en grundig vurdering av de aktuelle personverninteresser i det videre arbeidet med regelendringene. Konkursrådet foreslår at opplysninger vedrørende mistanke om straffbare forhold ikke skal publiseres på internett, men at opplysninger om ilagt konkursskarantene skal publiseres. NHO støtter disse vurderingene.»

5.4 Departementets vurderingar

5.4.1 Innleiing. Forholdet til personopplysningslova

Departementet foreslår ei endring i konkurslova § 156 med sikte på auka bruk av elektronisk kommunikasjon ved konkurs og gjeldsforhandling. Forslaget skil seg frå Konkursrådets framlegg i høyringsnotatet. Som nemnt har det vore vesentlege innvendingar i høyringsrunden mot forslaget. Vidare baserte Konkursrådet sitt framlegg på lov 14. april 2000 nr. 31 om behandling av personopplysninger ikkje gjaldt for forslaget om å gjere opplysningar om konkursbu tilgjengeleg på internett. Det heiter i høyringsnotatet på s. 5:

«Økt bruk av Internett som informasjonsutvekslingskanal innebærer at en del meddelelser som i dag gis per brev til den enkelte kreditor gjøres allment tilgjengelig. Dette nødvendigvis avveininger mot personvern. Med personvern forstås i det følgende både den enkeltes behov for diskresjon og at de opplysninger som gjøres kjent er korrekte.

Personopplysningsloven (lov av 14. april 2000 nr 31) gjelder bare for fysiske personer, jf. § 3, jf. § 2 nr 2. Opplysninger om enkeltpersoner knyttet til næringsvirksomhet, for eksempel opplysninger om styreverv, omfattes ikke av loven. Dette utelukker imidlertid ikke at ulovfestede eller mer generelle personvern hensyn kan gjøre seg gjeldende og bli berørt av endringsforslagene.»

Av høyringsinstansane er det berre *Datatilsynet* og *Domstoladministrasjonen* som har uttalt seg konkret om det rettslige spørsmålet.

Datatilsynet uttaler:

«Datatilsynet er av den oppfatning at både offentlighetsloven og personopplysningsloven får anvendelse når man ønsker å publisere Konkursregisteret på internett. Men all den stund offentlighetsprinsippet slik dette fremstår i offentlighetsloven § 2 ikke er satt til side, vil personopplysningsloven få anvendelse og betydning for hvordan basen gjøres tilgjengelig. Publisering av personopplysninger skal derfor i denne sammenheng vurderes også i forhold til grunnprinsippene i personopplysningsloven og personopplysningsforskriftens krav til tilfredsstillende informasjonssikkerhet ved siden av de spesialbestemmelser om offentlighet som er inntatt i konkursloven og konkursregisterforskriften. Dette vil ikke begrense prinsippet om offentlighet slik det er nedfelt i offentlighetsloven.»

Domstoladministrasjonen uttaler:

«I punkt 1.4 diskuteres personopplysningslovens virkeområde. Personopplysningsforskriftens § 1-3 er ikke nevnt i diskusjonen. Etter § 1-3 gjelder ikke loven for «saker som behandles eller avgjøres i medhold av rettspleielovene (domstolloven, straffeprosessloven, tvistemålsloven og tvangsfullbyrdelsesloven mv.)» Det er uklart hva som ligger i «mv.», det kan argumenteres for at konkursloven – i det minste delvis – ligger innenfor dette begrepet. Vi har registrert at Datatilsynet, blant annet i forbindelse med høring i forkant av fremleggelsen av Ot.prp. nr. 8 (2002 – 2003) har argumentert for at forskriftens § 1-3 bør begrenses til å gjelde unntak fra konsesjonsplikt, jf. proposisjonens avsnitt 5.2.2.»

Departementet ser det som klårt at personopplysningslova gjeld for handsaming av opplysningar etter konkurslova. I forskrift 15. desember 2000 nr. 1265 om behandling av personopplysningar (personopplysningsforskriften) § 1-3 er det rett nok gjort unntak for handsaming som følgjer rettarangsgivninga, men konkurslova er ikkje nemnd som døme på slik lovgiving. Departementet finn det heller ikkje naturleg å tolke unntaket slik at det femner om handsaming etter konkurslova. Unntaket blei gitt for å sikre at personopplysningslova ikkje utan nærmare vurdering skulle regulere domstolane sin rett til å handsame personopplysningar. Dette omsynet har ikkje same vekt når det gjeld saker etter konkurslova. Ved handsaminga av

konkursbu og under gjeldsforhandlingar vil personopplysningar i stor grad bli handsama utanfor domstolane.

Det følgjer av personopplysningslova § 5 at føresegnene i personopplysningslova gjeld om ikkje anna følgjer av særskilt lov som gir reglar om måten opplysningane skal bli handsama på. Dette inneber at reglane i konkurslova om handsaming av personopplysningar ved gjeldsforhandling og konkurs vil gå føre reglane i personopplysningslova.

Kva som er ei personopplysning, følgjer av personopplysningslova § 2 nr. 1. Det går fram av paragrafen at alle opplysningar eller vurderingar som kan knyte seg til ein fysisk person, er personopplysningar. Ei opplysning om ein juridisk person er i utgangspunktet ikkje ei personopplysning. Dette kan stille seg annleis der det er stor nærleik mellom den juridiske og den fysiske personen. Opplysningar om «Ole Edvardsen & son ANS», som er eit lite ansvarleg selskap stifta, ått og drive av far og son Edvardsen, kan difor vere personopplysningar etter personopplysningslova.

Under handsaminga av eit konkursbu vil det bli utveksla både personopplysningar og andre opplysningar. Konkurslova § 120 fastset til dømes at bustyraren skal lage ei innberetning som skal bli sendt til tingretten og fordringshavarane, og som mellom anna skal innehalde opplysningar om skyldnaren sitt ekteskaplege formuesforhold, forhold som kan gi grunn til straffeforfølgning mot skyldnaren, og opplysningar om ein forretningsfører eller eit styremedlem har gjort seg skuldig i forhold som kan gi grunn til straffeforfølgning. Det er ikkje tvilsamt at dette er personopplysningar. Til dels er det tale om sensitive personopplysningar.

Etter personopplysningslova kan personopplysningar ikkje handsamast utan heimel eller samtykke frå den registrerte, jf. personopplysningslova §§ 8 og 9, og ein må avgrense handsaminga til det som har sakleg grunn i verksemda, jf. § 11. Med framlegget til endringar i konkurslova i proposisjonen her vil departementet gi reglar som gir heimel for elektronisk handsaming av personopplysningar i samband med konkurs og gjeldsforhandling, og reglar som skal vere med å sikre at § 11 i personopplysningslova blir følgt. Departementet gjer framlegg om heimlar for å handsame opplysningar elektronisk, jf. forslaget til nytt fjerde og femte ledd i konkurslova § 156. Desse heimlane gjer at krava i personopplysningslova §§ 8 og 9 om at handsaminga må vere fastsett i lov, blir oppfylt. Reglar som avgrensar tilgangen til nokre av opplysningane, til dømes buet si heimside, er viktige for å oppfylle krava etter personopplysningslova § 11. Departementet foreslår

av same grunn å oppretthalde kravet om å opplyse om sikker identifikasjon i konkursforskrifta § 10 andre ledd for å få ut opplysningar frå Konkursregisteret. Dette kravet inneber at den som skal ta i mot annan informasjon enn kunngjeringsinformasjon, må opplyse om organisasjonsnummeret til den eininga han vil ha opplysningar om. Dette kravet avgrensar tilgangen til opplysningane til dei som har ein viss nærleik eller ei viss interesse av opplysningane.

Departementet gjer framlegg om at Brønnøysundregistra skal stå for drifta av elektroniske heimesider for bua, jf. utkastet til konkurslova § 156 nytt tredje ledd første punktum, og at brukarane av heimesidene skal vere fritatt for å søkje om konsesjon for å handsame sensitive personopplysningar i samband med dette, jf. utkastet til konkurslova § 156 femte ledd andre punktum jf. personopplysningslova § 33 femte ledd.

Departementet foreslår ikkje å følgje opp Konkursrådet sitt framlegg om å publisere opplysningane om eit konkursbu ope på internett. Kjernen i framlegget i proposisjonen her går ut på at lovgivinga skal sikre at opplysningar i konkurs- og gjeldsforhandlingssaker ikkje skal bli utlevert i større grad ved ei elektronisk handsaming enn ved manuell handsaming som i dag.

5.4.2 Elektronisk kommunikasjon ved konkurs

Departementet foreslår i proposisjonen her reglar om høvet til å nytte elektronisk kommunikasjon i konkursbuhandsaminga, jf. forslaget til endringar i konkurslova § 156. Framlegget skil seg frå det som blei sendt på høyring. Sjølv om høyringsinstansane uttalte seg om eit noko anna forslag, oppfattar departementet det slik at fleire av høyringsinstansane er positive til auka bruk av elektronisk kommunikasjon i buhandsaminga. Departementet legg vekt på at auka bruk av elektronisk kommunikasjon og det å nytte elektroniske busider vil bli eit godt verkemiddel for å effektivisere og rasjonalisere handsaminga av buet. Konkursrådet la i 2002 til grunn at bu med mange fordringshavarar ville kunne spare frå 10 000 til 30 000 kr. i portoutgifter ved bruk av elektronisk kommunikasjon. Sidan den gong har kostnadene til porto auka, slik at ein kan leggje til grunn at innsparinga for bua kan bli høgare. I tillegg vil forslaget truleg medføre at bustyraren vil bruke mindre tid på dei administrative oppgåvene.

Rett nok meiner departementet at det jamvel etter gjeldande rett i ein viss grad er høve til å nytte elektronisk kommunikasjon i konkurshandsa-

minga. Men etter framlegget vil det rettslege grunnlaget for bruk av elektronisk kommunikasjon bli avklara, noko som truleg vil auke bruken av slik kommunikasjon. Vidare vil framlegget om elektroniske busider drifta av Brønnøysundregistra leggje til rette for eit enkelt system for bustyrarane, som ein ventar vil medføre auka bruk av elektronisk kommunikasjon.

Departementet foreslår ikkje at bruk av elektronisk kommunikasjon skal vere obligatorisk under buhandsaminga. Når det gjeld mottakarane av informasjonen, som vil vere mellom anna fordringshavarar, skyldnaren og offentlege myndigheter, foreslår departementet at det skal vere eit vilkår for bruk av elektronisk kommunikasjon at dei har godtatt å motta informasjonen på denne måten. Elektronisk kommunikasjon vil såleis berre bli aktuelt andsynes mottakarar som har det tekniske utstyret som skal til for å motta informasjonen elektronisk. Og sjølv om ein mottakar har det naudsynte tekniske utstyret, kan det til dømes vere at han sjeldan les e-post, og føretrekkjer å få viktig informasjon per brev. Han kan då la vere å samtykke til å få informasjonen elektronisk.

Departementet foreslår heller ikkje at det skal vere obligatorisk for bustyrarar å tilby kommunikasjon til dømes via e-post, eller å nytte elektroniske busider. Til dømes kan det i små bu med berre eit par fordringshavarar vere små rasjonaliseringsgevinstar å hente ved å nytte elektronisk kommunikasjon i buhandsaminga. Departementet meiner heller ikkje at det bør vere eit vilkår for å få tildelt bustyraroppdrag at ein har det tekniske utstyret og kunnskapen som skal til for å kommunisere elektronisk.

Reglar om at informasjon skal sendast skriftleg, at fordringshavarar skal få varsel mv., skal mellom anna ivareta visse krav til tryggleik for at eit varsel kjem fram til den det gjeld og at det er notoritet over innhaldet i eit dokument eller over kva tid eit varsel er sendt. Det vil variere i kva monn ulike former for elektronisk kommunikasjon kan ivareta desse krava. Om eit varsel er avgjerande for å avbryte ein frist, vil det til dømes vere viktig at det er nytta ei form for elektronisk kommunikasjon som på ein forsvarleg måte sikrar at varselet er mottatt. I andre høve vil det vere viktig at det er nytta ein forsvarleg måte for å autentisere avsendaren eller innhaldet i dokumentet. Departementet foreslår i proposisjonen her at det blir tatt inn ein heimel i konkurslova § 156 fjerde ledd om at Kongen kan fastsetje forskrift om slike tekniske krav mv. Krava vil kunne vere ulike for dei enkelte reglane om informasjonsutveksling. Slik forskrift

må vedtakast før lova sine føresegner om elektronisk kommunikasjon kan setjast i kraft.

Fleire av føresegnene i konkurslova fastset at bustyraren skal sende eit varsel eller ei melding til fordringshavaren, og at varselet eller meldinga blir avgjerande for kva tid ein frist tar til å gjelde for fordringshavaren. Det å leggje informasjonen som fordringshavaren skal varslast om ut på ei elektronisk buside, vil ikkje innebere noko eigentleg varsel for fordringshavaren. Fordringshavarar som undersøker busida, vil få med seg at eit slikt varsel er lagt ut der, men ein kan ikkje leggje til grunn at brukarane av busida jamnleg vil undersøke denne av eige initiativ. Departementet meiner difor at når det er fastsett reglar om slike varsel og meldingar som er avgjerande for fristar, må fordringshavarane få eit særskilt varsel, slik at det ikkje er opp til deira eige initiativ å gjere seg kjent med at eit slikt varsel er kunngjort på ei buside. Varselet vil derimot gjerne kunne formidlast elektronisk.

Fleire av føresegnene i konkurslova fastset at informasjon skal gis «skriftlig». Generelt må ein etter departementets syn tolke eit krav om at noko skal vere «skriftlig» i lovverket som eit krav om at det er nytta skrifteikn.

Konkurslova § 109 første ledd første punktum fastset at fordringshavarane skal oppfordrast til å melde fordringane sine skriftleg til bustyraren innan ein frist. Fordringshavarane skal også sende inn dokument som tener som bevis for fordringane, og gi vidare opplysningar om grunnlaget for dei og om pant og medskyldnarar. At fordringshavarane skal sende inn dokument som tener som bevis for fordringane, vil nok ofte gjere at det er papirbasert melding som er mest aktuelt. Men departementet kan ikkje sjå at det bør vere stengt for å melde fordringane skriftleg i elektronisk form. Kravet i konkurslova § 109 om at meldingane skal vere skriftlege, skal truleg sikre notoritet over meldingane. Departementet meiner at skriftlegkravet i denne føresegna ikkje vil være til hinder for at fordringshavarane kan melde inn krava via til dømes e-post, om bustyraren godtek det. Nærare krav til notoritet kan fastsetjast i forskrift i medhald av konkurslova § 156 fjerde ledd.

Konkurslova § 117 a fjerde ledd krev at bustyraren ved sal av overhefta eigedelar skal sende skriftleg varsel til dei rettighetshavarane som kan bli berørt av salet. Salet kan først skje 14 dagar etter at varselet blir gitt. Departementet legg til grunn at også dette skriftlegkravet er gitt for å sikre notoritet over meldingane. Men departementet meiner at dette ikkje bør vere til hinder for å nytte elektronisk varslingsform, når det kan skje på ein måte som ivaretar notoriteten, og mottakaren har godtatt elektro-

nisk kommunikasjon. Men det må vere eit krav at varselet blir sendt til kvar rettshavar særskilt.

Konkurslova § 117 b første ledd krev at bustyraren skal gje skriftleg erklæring til skyldnaren om at ein eigedel er abandonert. Erklæringa skal nemne tidspunktet for abandoneringa. Departementet legg til grunn at formkravet her er gitt med sikte på å sikre notoritet over tidspunktet for abandoneringa. Formkravet bør ikkje vere til hinder for å meddele erklæringa elektronisk når skyldnaren har godtatt det og det er nytta ei kommunikasjonsform som ivaretar notoriteten over tidspunktet for og innhaldet av erklæringa. Erklæringa vil ha rettslege verknader mellom anna for skyldnarens eventuelle offentlegrettslege plikter til å ta hand om formuesgodet. Det må difor sendast ei særskilt erklæring. Det kan ikkje vere nok at bustyraren kunngjer ei abandoneringserklæring på busida.

Konkurslova § 117 c fjerde ledd første punktum fastset at ei overføring til panthavaren skal gjennomførast ved at bustyraren gir ei skriftleg erklæring til panthavaren som angir tidspunktet for overføringa. Vurderinga av skriftlegkravet her må bli det same som for konkurslova § 117 b første ledd, men slik at det er panthavaren som må ha godtatt bruk av elektronisk kommunikasjon.

Konkurslova § 119 femte ledd fastset at ei avgjerd om at skyldnaren si næringsverksemd skal halde fram, skal vere skriftleg når det gjeld «forhold av betydning mellom partene, herunder inntekts- og utgiftsfordeling mellom partene». Departementet går ut frå at det også i framtida vil vere mest praktisk at eit slikt dokument blir satt opp i papirform. Men omsynet bak formkravet må også her vere å sikre notoritet over dokumentets innhald, og det må òg kunne skje ved eit elektronisk lagra dokument, når partane har godtatt det. Nærare krav til notoritet kan fastsetjast i forskrift.

Konkurslova § 123 andre ledd fastset at skyldnaren skal framsette eit akkordforslag skriftleg andsynes bustyraren, som skal sende det vidare til tingretten. Også her er formkravet truleg fastsett av omsynet til notoritet om forslaget innhald. I kva grad bustyraren kan kommunisere elektronisk med retten, vil følgje av domstollova § 197 a og dei forskriftene som blir fastsett med heimel i denne føresegna. Departementet meiner regelverket ikkje vil vere til hinder for at skyldnaren kan setje fram forslaget elektronisk andsynes bustyraren.

Det er ei rekkje føresegner i konkurslova som fastset at bustyraren skal «underrette» fordringshavarane, eller «sende» informasjon, eller at fordringshavarane skal varslast.

Konkurslova § 111 andre ledd andre punktum fastset at fordringshavarane skal «varsles» om tid

og stad for fordringsprøvinga, og at dei skal få tilsendt bustyraren si innstilling minst åtte dagar før prøvinga finn stad. Departementet meiner at det ikkje bør opnast for at varselet om tid og stad for prøvinga kan skje ved å kunngjere opplysning om dette på den elektroniske busida. At det blir lagt ut ny informasjon på sida, har ikkje noko varslingsfunksjon andsynes fordringshavarane. Departementet meiner at varselet framleis bør sendast særskilt til kvar fordringshavar, ved papirbrev, e-post eller ved eventuell annan form for direkte elektronisk varsel til kvar einskild fordringshavar. I dei tilfella der fordringshavaren har godtatt elektronisk kommunikasjon, bør likevel sjølve innstillinga kunne gjerast tilgjengeleg på den elektroniske busida, slik at det i varselet berre blir vist til denne. Departementet foreslår vidare at fordringshavarar som ber om det, kan få innstillinga tilsendt. Departementet viser til utkastet til endring av konkurslova § 111 andre ledd.

Konkurslova § 114 første ledd fastset at «[d]ersom bostyreren innstiller på at en fordring ikke skal godkjennes i samsvar med anmeldelsen, eller hvis skyldneren, et medlem av bostyret eller en fordringshaver som har fått innstilt sin fordring, gjør innsigelse mot anmeldelsen, skal bostyreren underrette anmelderen og gi denne adgang til å grunngi anmeldelsen innen en fastsatt frist». Også denne meldinga bør, slik departementet ser det, skje direkte til fordringshavarane ved papirbrev, e-post eller anna form for direkte elektronisk varsel. Av omsyn til at den som har meldt fordringa, må reagere innan ein fastsett frist, bør han eller ho få meldinga i eit særskilt varsel.

Konkurslova § 120 fjerde ledd fastset at bustyraren skal «sende» buinnberetninga til kvar fordringshavar. Departementet meiner at buinnberetninga bør kunne sendast elektronisk, og gjer jamvel framlegg om at det skal vere nok at den er tilgjengeleg på busida for fordringshavarar som har godtatt elektronisk kommunikasjon.

Konkurslova § 122 andre ledd fastset at bustyraren skal sende kopi av rekneskapen og sluttutgreiinga til alle fordringshavararane. Fordringshavarane skal få ein frist på minst to veker for å gjere innvending mot at rekneskapen blir godkjend, at buet blir slutta, eller at buhandsaminga av annan grunn skal opphøyre. Departementet meiner at fordringshavarane også etter denne føresegna bør få eit særskilt varsel, ved brev, e-post eller annan form for elektronisk varsel, om fristen for å gjere innvending. Men departementet meiner at i dei tilfella der fordringshavarane har godtatt elektronisk kommunikasjon, kan det i varselet visast til at

rekneskapen og sluttutgreiinga er tilgjengelege elektronisk på busida, slik at bustyraren ikkje treng sende ut desse dokumenta. Departementet viser til forslaget til nytt tredje punktum i konkurslova § 122 andre ledd.

Konkurslova § 124 andre ledd fastset at framlegg til tvangsakkord under konkurs skal sendast saman med bustyrarens uttale og fordringshavarlista til alle dei kjende fordringshavarane. Etter konkurslova § 40 første ledd vil det gjelde ein frist på to veker for fordringshavarane til å uttale seg om framlegget. Av di mottak av framlegget er avgjerande for fristen, meiner departementet at det bør sendast særskilt varsel til fordringshavarane også etter denne føresegna. Men varselet må kunne sendast ved e-post eller på annan elektronisk måte dersom fordringshavaren har godtatt det. I tilfelle der fordringshavaren har godtatt at dokument i saka blir gjort tilgjengelege på busida, må det vere høve til i varselet å vise til at framlegget, bustyrarens uttale og fordringshavarlista er tilgjengelege der. Departementet viser til forslaget til nytt tredje punktum i konkurslova § 124 andre ledd.

Etter konkurslova § 128 første ledd andre punktum skal avgjerda om å ta buet opp til slutning «meddeles» dei fordringshavarane som har reist innvending mot dette. Departementet meiner at slik «meddelelse» også kan skje elektronisk der fordringshavarane har godtatt det, men at fordringshavarane bør få eit særskilt varsel, slik at det ikkje er nok berre å gjere opplysninga tilgjengeleg på busida.

Etter konkurslova § 128 fjerde ledd skal utloddinga «meddeles» alle kjente fordringshavarar med godkjende fordringar. Dei skal samstundes bli gjort kjende med klagefristen på ein månad etter § 130. Av di meldinga vil vere avgjerande for klagefristen, meiner departementet at meldinga må sendast til fordringshavarane, men at det kan skje elektronisk til fordringshavarar som har godtatt det.

Etter konkurslova § 130 andre ledd tredje punktum skal bustyraren «meddele» ei ny utlodding til dei fordringshavarane som får eit mindre beløp enn det som var oppgitt i bustyrarens utlodning. Departementet meiner at fordringshavarane også her bør få ei særskilt underretning om utloddinga, men at den kan skje elektronisk til fordringshavarar som har godtatt det.

Departementet gjer i proposisjonen her framlegg om generelle reglar om elektronisk kommunikasjon i konkurslova § 156 nytt andre til femte ledd. Forslaget til andre ledd første punktum presiserer at omgrepet «skriftlig» i lova er teknologi-

nøytralt, i den forstand at omgrepet ikkje er til hinder for bruk av elektronisk kommunikasjon om sendaren og mottakaren har lagt til rette for det og mottakaren har akseptert det. Forslaget til andre ledd andre punktum presiserer at det same gjeld når lova bruker omgrepa «sende», «melde», «meddele», «varsle» eller «underrette». Når elektronisk kommunikasjon blir nytta, må det skje i samsvar med dei reglane som elles gjeld på området, mellom anna personopplysningslova med forskrifter.

Som oversikta foran viser, har konkurslova ein del reglar om varsel mv. der det bør vere høve til å sende opplysningar mv. elektronisk, men der det ikkje bør vere tilstrekkeleg at opplysningane er gjort tilgjengelege på busidene. Etter departementet sitt syn følgjer det av ei naturleg forståing av ord som «sende», «varsle», «underrette» mv. at det ikkje er nok at opplysningane er lagt ut på ei heimeside på internett. Departementet foreslår difor ikkje endringar i føresegnar som nyttar denne typen omgrep. Ord som «meddele» kan det vere meir tvil om, og departementet foreslår endringar i paragrafar som nyttar dette omgrepet hvis det ikkje er meininga at «meddelelsen» kan skje ved å leggje informasjon ut på internett. Departementet viser til dei foreslåtte endringane av § 128 første og fjerde ledd og § 130 andre ledd og merknadene til desse paragrafane.

Føresegnar om at det kan vere tilstrekkeleg heilt eller delvis å leggje ut opplysningar på busidene eller på internett elles er foreslått i §§ 111, 120, 122 og 124.

I konkurslova § 156 nytt tredje ledd foreslår departementet ein heimel for at dokument og opplysningar som gjeld buet, kan gjerast elektronisk tilgjengelege på ei buside. Dette vil mellom anna gjelde buinnberetninga, fordringshavarlister, rekneskapen og sluttutgreiinga og utloddinga. Busida vil dermed kunne innehalde opplysningar om straffbare forhold. Også opplysningar frå Konkursregisteret skal overførast til busida, jf. forslaget til konkurslova § 156 tredje ledd andre punktum.

Departementet gjer framlegg om at Brønnøysundregistra skal ha ansvaret for å leggje teknisk til rette for at det til kvar tid er slike sider eller stader å samle informasjon om det einskilde buet som oppfyller krava sett i lovverket. Lovframlegget vil venteleg innebere at dei fleste bustyrarane vil føretrekkje å samle informasjon om konkursar på denne nettstaden i staden for på eigne nettstader. Det er fleire omsyn som taler for ei slik løysing. Å samle informasjonen på ein stad er ein praktisk føresetnad for å oppnå dei ønskete rasjonaliserings-

gevinstane. Plasseringa hos Brønnøysundregistra inneber at bustyraren kan bli letta for ein del administrative oppgåver. Det vil vere lettare å sikre at personvernet blir godt ivaretatt når busidene blir samla ved Brønnøysundregistra. Ei klårgjering av kor all konkursinformasjon er å finne elektronisk, vil i tillegg vere brukarvenleg for partane i bua. Departementet foreslår ikkje noko forbod mot å gjere konkursinformasjon tilgjengeleg på andre nettstader, men bustyraren må då sjølv sjå til at krava i personopplysningslova mv. blir oppfylte.

Konkursregisteret vil med framlegget få ein nøkkelfunksjon i den elektroniske kommunikasjonen under handsaminga av buet. Prosessen startar med ei elektronisk melding frå tingrettane om opning av konkurs. I dag skjer dette via eit system kalla LOVISA. Denne elektroniske meldinga om konkurs blir sendt til Konkursregisteret som alle-reie i dag automatisk overfører kunngjeringsopplysningane til Brønnøysundregistra sin elektroniske kunngjeringspublikasjon. Denne kunngjeriinga skal etter framlegget også bli overført til den elektroniske busida.

Konkursregisteret skal etter framlegget vidare sende melding til Einingsregisteret, Meirverdiavgiftsmantalet og Føretaksregisteret (om føretaket er registrert der). Konkursen skal etter framlegget bli registrert automatisk i desse registra. Dette vil lette bustyraren sitt arbeid.

Melding om konkursopning skal vidare føre til at konkursbuet blir oppretta med eige organisasjonsnummer i Einingsregisteret.

Når konkursopning blir meldt til Konkursregisteret, vil meldinga innehalde opplysningar om kven som er bustyrar. Registeret vil syte for at bustyraren får ei elektronisk melding som inneheld dei naudsynte «nøklane» til buet si heimeside. Departementet foreslår at det skal vere bustyraren si oppgåve å gi rett til tilgang til fordringshavarane, offentlege myndigheiter og andre som har sakleg grunn i lov eller med heimel i lov til å få tilgang til informasjon om handsaminga av buet. Dette må regulast nærare i forskrift.

Etter framlegget skal det vere avgrensa tilgang til busida slik at berre Brønnøysundregistra og bustyraren skal ha rett til å leggje inn ny informasjon på sidene, medan berre dei som etter lova har rett til informasjonen, skal ha høve til å lese informasjonen på sidene. Departementet gjer framlegg om ein heimel til å gi nærmare forskrifter om dette i konkurslova § 156 nytt femte ledd. Etter framlegget skal departementet gi nærare reglar om bruk av elektronisk kommunikasjon, medrekna reglar om avgrensa tilgang til busidene. Ein slik avgrensa tilgang er etter departe-

mentet sitt syn naudsynt for at slik elektronisk kommunikasjon skal vere tillaten etter personopplysningslova § 11.

Departementet vil i samsvar med reglane i personopplysningslova § 28 i forskrift gjere framlegg om at opplysningane på heimesida blir sletta seinast seks månader etter avsluttande orskurd eller utlodding. Skyldnaden til å slette grip ikkje inn i bustyraren og offentlege instansar si plikt til å arkivere dokumenta i samsvar med arkivlovgevinga m.m.

Departementet foreslår ein forskriftsheimel for reglar om at fordringshavarar og offentlege myndigheiter kan få informasjon frå busidene i form av abonnement, jf. forslaget til konkurslova ny § 156 a tredje punktum. Føremålet er ikkje at det skal tilflyte nokon meir informasjon enn i dag, men at informasjonen skal kunne bli oversendt på ein arbeidssparande måte. Offentlege myndigheiter som etter lova har krav på informasjon om buet, vil kunne velje ei abonnementsform som inneber at dei får informasjonen direkte inkorporert i deira eiga datasystem.

5.4.3 Elektronisk kommunikasjon ved gjeldsforhandling etter konkurslova

Høyringsnotatet tok ikkje opp spørsmålet om elektronisk kommunikasjon i samband med gjeldsforhandlingar etter konkurslova. Departementet gjer i proposisjonen her framlegg om eit nytt andre ledd i konkurslova § 156 om at elektronisk kommunikasjon kan nyttast når partane har lagt til rette for det og mottakaren har akseptert det. Føresegna er generelt utforma, og vil gjelde også for reglane i konkurslova første del om gjeldsforhandlingar. Til skilnad frå konkurssakene foreslår ikkje departementet reglar om eigne «busider» for gjeldsforhandlingsbu. Døme på ein regel om kommunikasjon i konkurslova første del som forslaget til § 156 andre ledd vil omfatte, er konkurslova § 24 om utsending av forslag til gjeldsordning til fordringshavarane. For kommunikasjon med retten er det domstollova § 197 a som vil regulere høvet til elektronisk kommunikasjon.

I konkurslovas kapittel om gjeldsforhandlingar er det to føresegner som fastset at kommunikasjon kan skje «telegrafisk». Ved utsending av eit forslag til gjeldsordning skal fordringshavarane bli oppmoda om å underrette gjeldsnemnda skriftleg eller telegrafisk om dei vedtar forslaget, jf. konkurslova § 24 andre ledd. Omgrepet «telegrafisk» i føresegna omfattar også teleks, jf. Ot.prp. nr. 50 (1980-81) s. 77.

Konkurslova § 40 femte ledd fastset at dersom vedtaking eller tilbakekalling av vedtaking av akkordforslag er skjedd telegrafisk, må telegrammet stadfestast skriftleg innan den fastsette avstemningsfristen eller på eit eventuelt avstemningsmøte. Grunngevinga for kravet om at eit telegram må stadfestast skriftleg, går fram av NOU 1972: 20 på s. 104. Det heiter her at ei telegrafisk erklæring ikkje i seg sjølv gir noko prov for at ho er avgitt av den som er oppgitt som avsendar, med mindre avsendarens identitet er stadfesta av telegrafvesenet. På grunn av korte fristar ynskja ein å godta ikkje stadfesta telegrafiske erklæringar om vedtaking av akkordforslag, men slik at erklæringane seinare måtte stadfestast skriftleg. Kravet om skriftleg stadfesting er altså fastsett på grunn av behovet for å få bevis for kven som er avsendar av erklæringa.

Det er ikkje lenger praktisk med bruk av telegram eller teleks. Departementet finn det klårt at konkurslova § 24 andre ledd og § 40 femte ledd bør endrast. Utkastet til konkurslova § 156 andre ledd i proposisjonen her fastset at når lova nytter omgrepet «skriftleg», er dette ikkje til hinder for elektronisk formidling av informasjonen dersom sendaren og mottakaren har lagt til rette for det og mottakaren har akseptert det. Departementet meiner på denne bakgrunnen at dei nemnde føresegnene bør endrast ved at alternativet «telegrafisk» går ut. Høve til å svare ved elektronisk kommunikasjon vil følgje av § 156 andre ledd. Konkurslova § 156 fjerde ledd gir heimel for eventuelt å fastsette særskilte krav til autentisering av avsendaren, dersom ein kjem til at dette er naudsynt.

To av paragrafane i kapitlet om gjeldsforhandlingar i konkurslova krev at gjeldsnemnda bruker rekommandert brev.

Konkurslova § 25 andre ledd føreskriv prosedyrar for tilfelle der eit forslag til gjeldsordning ikkje er blitt godtatt av alle fordringshavarane, men heller ikkje er blitt forkasta av nokon av dei. Gjeldsnemnda skal då i eit rekommandert brev oppmode fordringshavarane som ikkje har svart, til innan to veker å melde frå om dei godtar forslaget. Det følgjer av § 25 tredje ledd at denne oppmodinga har ein viss preklusiv verknad. Forslaget vil bli rekna for vedtatt dersom minst tre fjerdedelar av fordringshavarane, rekna etter storleiken på fordringane, har godtatt det, og ingen har forkasta forslaget.

Konkurslova § 37 fastset at dersom ei fordring ikkje blir godtatt, eller bare delvis blir godtatt, skal gjeldsnemnda utan opphald underrette fordringshavaren ved rekommandert brev, og samtidig gjere vedkommande merksam på reglane i § 47

andre ledd om deponering av dividende av omtvista fordringar og fristen for å reise søksmål. Fristen etter § 47 andre ledd har også ein viss preklusiv verknad. Det følgjer av § 47 andre ledd tredje punktum at dersom det ikkje blir reist søksmål innan fristen, skal det deponerte beløpet som hovudregel frigis til skyldnaren. Om fordringshavaren ikkje reagerer på dei meldingane bustyraren sender i medhald av § 25 andre ledd og § 37, kan han etter dette miste heile eller delar av kravet mot skyldnaren. Det er difor viktig å sikre at meldingane faktisk når fram til fordringshavaren.

Ut frå ei alminneleg språkleg forståing er omgrepet «rekommandert brev» ikkje teknologinøytralt. Omsynet bak eit krav om å bruke rekommandert brev, vil vere at dette er ein metode som sikrar kunnskap om at brevet faktisk har nådd fram til adressaten. Ved lov 21. desember 2001 nr. 117 om lov om endringer i diverse lover for å fjerne hindringer for elektronisk kommunikasjon blei nokre andre paragrafar i lovverket som stilte krav om å bruke rekommandert brev, endra. Endringane gjekk ut på at det blei føyd til at ein også kan bruke elektronisk kommunikasjon dersom det er nytta ein trygg metode for å sikre at varselet er nådd fram. Departementet foreslår at konkurslova § 25 andre ledd første punktum og § 37 blir endra på den same måten.

Når elektronisk kommunikasjon blir nytta, må det skje i samsvar med dei reglane som elles gjeld på området, mellom anna personopplysningslova med forskrifter.

5.4.4 Elektronisk informasjonsutveksling mellom Konkursregisteret og bustyraren

Etter gjeldande rett skal opplysningar om konkurskyldnarar som er registrerte i Føretaksregisteret, Lausøyreregisteret og enkelte opplysningar i Rekneskapsregisteret, straks bli sendt bustyraren, jf. konkursregisterforskrifta § 6 første ledd. Sendinga skal som hovudregel skje pr. telefaks.

Konkursrådet uttalte i høyringsnotatet at det bør bli lagt til rette for at bustyraren også kan ta i mot opplysningar etter konkursregisterforskrifta § 6 første ledd første punktum elektronisk. Dette vil innebere ei rasjonalisering både for bustyraren og for Konkursregisteret.

På bakgrunn av dette var det i høyringsnotatet foreslått følgjande endring i konkursregisterforskrifta § 6 første ledd andre punktum:

«Opplysningene skal straks, fortrinnsvis *elektronisk eller på telefaks*, oversendes bostyrer sammen med panteattest fra Løsøyreregisteret, firmaattest fra Føretaksregisteret og de siste års innsendte regnskap fra Regnskapsregisteret.»

Ingen av *høyringsinstansane* har uttalt seg om spørsmålet.

Departementet tar også på dette punktet sikte på ei forskriftsendring med sikte på eit meir teknologinøytralt regelverk.

5.4.5 Forholdet til offentlegheitslova

Konkursrådet har ikkje uttalt seg konkret om lov 19. juni 1970 nr. 69 om offentlighet i forvaltningen (offentlighetsloven), men uttaler blant anna følgjande i høyringsnotatet side 5:

«Hensynet til kreditorer, tredjeparter og næringslivet for øvrig tilsier at det er nødvendig med publisitet rundt en konkurs. Dette gjen-speiles allerede i dagens regler gjennom at de fleste opplysninger i tilknytning til en konkurs er offentlig tilgjengelige. Opplysninger er offentlige, enten direkte gjennom kunngjøring eller indirekte, gjennom at opplysninger gis etter konkrete henvendelser til f.eks. bostyrer eller Konkursregisteret.

Konkursrådet foreslår i det følgjende bl.a. at boinnberetningen og informasjon i forbindelse med fordringsprøvingen skal gjøres tilgjengelig på Internett. Dette innebærer at boinnberetningen gjøres lettere tilgjengelig for allmennheten enn hva den er i dag. Offentlighet rundt boinnberetningene er imidlertid ikke lovregulert, og det er således intet forbud mot å gjøre disse allment tilgjengelig.»

I høyringsrunden var det berre *Datatilsynet* som tok opp forholdet til offentlegheitslova. Datatilsynet haldt fram at det var ein «vesentlig mangel ved forslaget» at forholdet til offentlegheitslova ikkje var nærmare utreda.

Departementet ser slik på spørsmålet: Etter lov 19. juni 1970 nr. 69 om offentlighet i forvaltningen § 1 gjeld lova for verksemd som er drive av eit forvaltningsorgan når ikkje anna er fastsett i lov eller med heimel i lov. Registereringane ved Brønnøysundregistra er forvaltningsorgan. Dokument som er mottatt eller utarbeidd av Brønnøysundregistra vil difor i utgangspunktet vere omfatta av offentlegheitslova. Det følgjer av same paragraf at det i lov eller med heimel i lov kan vere fastsett unntak frå retten til innsyn. Det er meininga at det skal vere avgrensa tilgang både til Konkursregisteret og buet si heimeside. Nærare reglar om dette vil for buet si heimeside bli fastsett i forskrift etter § 156. For Konkursregisteret følgjer reglar om tilgang til opplysningar allereie av forskrift 23. august 1993 nr. 824 om konkursregisteret kapittel 6. Desse reglane vil vere unntak frå allmenta sin innsynsrett etter offentlegheitslova § 1. Allmenta vil difor ikkje ha rett til innsyn i den infor-

masjonen som blir lagra på busidene i større grad enn det som følgjer av lov eller med heimel i lov.

Når til dømes eit forvaltningsorgan har mottatt informasjon frå registeret eller busida, vil doku-

menta vere mottatt i organet, og innsynsretten for allmenta vil blir regulert av reglane i offentlegheitslova.

6 Om informasjonen i Konkursregisteret skal bli gjort tilgjengeleg for kven som helst

6.1 Gjeldande rett

Forskrift 23. august 1993 nr. 824 om konkursregisteret (konkursregisterforskrifta) § 10 første ledd reknar opp kva for opplysningar i Konkursregisteret alle kan få tilgang til.

I konkursregisterforskrifta § 10 andre ledd går det fram at ein må opplyse om «sikker identifikasjon» om ein vil ha informasjon frå registeret. I praksis inneber dette at ein må kunne opplyse om organisasjonsnummeret til det føretaket ein vil ha opplysningar om, eller personnummeret dersom det gjeld opplysningar om buet til ein skyldnar som har gått personleg konkurs.

Etter konkursregisterforskrifta § 10 tredje ledd første punktum kan dei opplysningane som ikkje er nemnde i første ledd, berre gis ut til domstolane, politi- og påtalemyndigheita, bustyrarar i konkursbu, Kredittilsynet, skatte- og avgiftsmyndighetene og den opplysningane gjeld.

6.2 Framlegget i høyringsnotatet

Konkursrådet foreslo i høyringsnotatet at all informasjon i Konkursregisteret skal vere tilgjengeleg for kven som helst utan avgrensing.

På side 24 i notatet heiter det:

«Forslagene ovenfor under pkt. 2.3 om økte søkemuligheter og publisering via Internett innebærer at dagens skille i regelverket mellom kunngjøring, meddelelse og innsyn oppheves. Forslaget til endringer i konkursregisterforskriften vil langt på vei innebære at de fleste opplysninger om konkurs skal behandles som om de var omfattet av gjeldende regelverks kunngjøringsbegrep. Hovedideen er at de fleste meddelelser og kommunikasjon med kreditorer og offentlige myndigheter i størst mulig grad skal skje gjennom Konkursregisteret. Det er ønskelig at den informasjon som allmennheten og kreditorene har behov for skal være tilgjengelig på Internett.»

Konkursrådet foreslo difor at kravet om å gi sikker identifikasjon skulle bli oppheva. Rådet foreslo

vidare at opplysningane om eigarane skulle tas ut av Konkursregisteret, og at registeret ikkje skulle vise dagleg leiar og styreleiar sine leiaransvar eller styreverv i andre føretak.

6.3 Høyringsfråsegnene

Arbeidstilsynet støttar ikkje framlegget om at eigarane ikkje skal bli omtala i buinnberetninga, og uttaler:

«Etter dekningsloven § 9-3 er eiere som har 20 % eller mer unntatt fra fortrinnsrett for eventuelle lønnskav. Også i andre sammenhenger i dekningsloven er eiere undergitt spesiell regulering. Eiere bør derfor fortsatt angis i innberetningene fordi det gir kreditorer mulighet til å vurdere eiernes rolle i ulike sammenhenger. Som et minimum bør eiere med 20 % eller større eierandel omtales.»

Datatilsynet uttaler om forslaget om å oppheve vilkåret om «sikker identifikasjon»:

«Datatilsynet vil i den sammenheng påpeke at en slik fri tilgang, er klart i strid med grunnkravene i personopplysningsloven § 11. Videre kan en slik utvidet tilgang til opplysningene i registeret fremstå som uforenlig i forhold til det opprinnelige formålet. Det avhjelper ikke personverntrusselen i nevneverdig grad at det foreslås en viss innskrenkning av informasjon som gjøres tilgjengelig for enhver, sammenholdt med hva som er gjeldende rett. Slik tilsynet oppfatter det, vil mengden av opplysninger som er tilgjengelig for enhver, samlet sett fremstå som utvidet, da dagens skille mellom kunngjøring, meddelelse og innsyn oppheves.

Datatilsynet kan ikke se at bakgrunnen for opphevelsen av § 10 annet ledd er tilstrekkelig begrunnet i forslaget, utover at en slik opphevelse vil innebære økte søkemuligheter og slik gjøre Konkursregisteret mer brukervennlig. Økte søkemulighet er ensbetydende med økt personverntrussel. Datatilsynet finner ikke at disse argumentene er tungtveiende nok til å forsvare og fjerne et personvern fremmende vil-

kår som kravet om «sikker identifisering» er. Datatilsynet er av den oppfatning at det må finnes en form for autorisasjon som sikrer at innsyn bare gis til dem som antas å ha et legitimt behov. Datatilsynet anbefaler at gjeldende § 10 annet ledd opprettholdes.»

Den norske Revisorforening er heller ikkje samd i framlegget til Konkursrådet.

Norsk Presseforbund og Norsk Redaktørforening støttar framlegget om at opplysningar om avslutta konkursar skal vere tilgjengelege på internett, og meiner mellom anna at jamvel informasjon om stiftarar og eigarar bør vere tilgjengeleg.

6.4 Departementets vurderingar

Departementet går ikkje inn for å vidareføre dette framlegget frå Konkursrådet. Hovudgrunnen til dette er omsynet til personvernet og dei skyldnadene som følgjer av personopplysningslova med forskrifter.

Den elektroniske kunngjeringspublikasjonen over kunngjeringspublikasjonen vil bli administrert av Konkursregisteret, men den vil etter departementets forslag ikkje vere ein del av Konkursregisteret. Sidan publikasjonen ikkje er ein del av Konkursregisteret, vil kravet om sikker identifisering etter konkursregisterforskrifta § 10 andre ledd ikkje gjelde ved søk i kunngjeringspublikasjonen.

7 Overføring av plikter etter konkurslova § 79 frå bustyraren og tingretten til Konkursregisteret

7.1 Gjeldande rett

Reglar om kva for register ei konkursopning skal registrerast i og kven som elles skal ha melding om konkursopninga, finst i konkurslova § 79. Etter konkurslova § 79 andre ledd skal føraren av Konkursregisteret syte for at melding om konkursopninga blir tinglyst eller registrert i Lausøyreregisteret, Føretaksregisteret om skyldnarens verksemd er registrert der, og Rekneskapsregisteret, dersom skyldnaren har innsendingssplikt til Rekneskapsregisteret.

Etter konkurslova § 79 tredje ledd skal bustyraren, om ikkje retten vedtar å gjere det sjølv, sørge for at melding om konkursopninga blir tinglyst eller registrert i grunnboka og liknande realregister, dersom skyldnaren eig realregistrerte formuesgode, og i eit verdipapirregister dersom det der er registrert rettar som bustyraren meiner er omfatta av buets beslagsrett. Det følgjer av fjerde ledd at slik melding i særlege tilfelle kan setjast fram over telefon eller på annan enkel måte. Det er fastsett ein forskriftsheimel for framgangsmåten i slike tilfelle.

Etter konkurslova § 79 femte ledd skal bustyraren, om ikkje retten vedtar å gjere det sjølv, sende underretning om konkursopninga til Posten Norge AS og dei bankane og tilsvarende institusjonar der skyldnaren har innskot.

Etter konkurslova § 79 sjette ledd skal bustyraren sende melding om konkursopninga i samsvar med lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift § 27 andre ledd, dvs. at det skal sendast melding til Meirverdiavgiftsmantalet dersom skyldnaren dreiv meirverdiavgiftspliktig verksemd.

Når det gjeld registrering av opning av akkordforhandling, fastset konkurslova § 36 første ledd at opninga på begjæring av gjeldsnemnda skal registrerast i Lausøyreregisteret, grunnboka og liknande realregister dersom skyldnaren eig fast eigedom eller andre realregistrerte eigedelar, i eit verdipapirregister dersom det er registrert rettar der som gjeldsnemnda meiner tilhører skyldnaren, og i Føre-

taksregisteret dersom skyldnarens føretak er innført der. Etter konkurslova § 36 andre ledd skal gjeldsnemnda gi underretning om opninga til bankar og tilsvarende institusjonar der skyldnaren har innskot.

7.2 Framlegget i høyringsnotatet

Konkursrådet foreslo i høyringsnotatet å overføre meldepliktene etter konkurslova § 79 tredje, femte og sjette ledd frå bustyraren eller tingretten til Konkursregisteret. Det heiter på side 27 i høyringsnotatet:

«Konkursrådet mener at disse meldingene kan formidles av Konkursregisteret, hvilket vil avlaste bostyrer fra rene administrative oppgaver. Dette medfører på den annen side en økning av oppgaver for Konkursregisteret. Det antas likevel at det totale kostnadsnivået ikke endres ettersom flere andre forslag i tilknytning til rasjonalisering av bobehandlingen medfører besparelser for registeret, bl.a. at boinnberetningen sendes elektronisk til registeret.»

Konkursrådet gjorde vidare framlegg om at registrering av dei avgiftspliktige bua i Meirverdiavgiftsmantalet skulle kunne skje automatisk via Einingsregisteret om Konkursregisteret blei gjort til eit tilknytt register til Einingsregisteret.

7.3 Høyringsfråsegnene

Til forslaget om endring av konkurslova § 79 tredje og femte ledd uttaler *Brønnøysundregistra* at Konkursregisteret ikkje vil ha tilgang til opplysningar om konkursskyldnaren eig fast eigedom og i kva rettskrins eigedomen ligg, og at det bør gå fram av lova at bustyraren har informasjonsplikt om dette. Også når det gjeld plikta til å sørge for underretning om konkursopning til post eller bankar etter konkurslova § 79 femte ledd, foreslår *Brønnøysundregistra* at dette skal gjelde etter oppgåve frå

bustyraren over kva for bankar mv. skyldnaren har innskot i. Brønnøysundregistra viser for øvrig til utviklinga av det nye sakshandsamingssystemet for tinglysing i fast eigedom, Regin@, som tar sikte på å leggje til rette for bruk av elektroniske dokument.

Brønnøysundregistra føreset at det blir lagt til rette for elektronisk kommunikasjon mellom Konkursregisteret og grunnboka og mellom Konkursregisteret og bankar og liknande institusjonar. Brønnøysundregistra peiker på den klåre gevinsten det vil innebere dersom Konkursregisteret kan overføre meldingar til alle bankar og liknande institusjonar uavhengig av kunnskap om skyldnaren har konti i den enkelte banken. Brønnøysundregistra meiner at overføring av melding om konkursopning same dag som opninga blir registrert i Konkursregisteret, truleg vil innebere at buet overtar disposisjonsretten over konti tidlegare enn etter dagens system.

Trondheim tingrett uttaler seg generelt positivt om framlegget, men presiserer at ein likevel må vere seg bevisst dei arbeidsoppgåvene som føreset fysisk nærhet til konkursskyldnaren.

Dei øvrige høyringsinstansane har ikkje uttalt seg om dette framlegget.

7.4 Departementets vurderingar

For å kunne tinglyse melding om at konkurs er opna i grunnboka, må ein i dag vite kva for eigedomar skyldnaren eig og kva for rettskrins dei ligg i. Gjennom eit planlagt nytt sakshandsamingssystem for tinglysing i fast eigedom, Regin@, vil registrering av opning av konkurs kunne skje ved melding til ein sentral database. Systemet vil muliggjere tinglysing ved bruk av konkursskyldnaren sitt organisasjonsnummer eller fødsels- eller personnummer som identifikator, og vil difor kunne leggje til rette for automatisk registrering og tinglysing. Regin@ blei operativt i april 2005. Men systemet vil først omfatte alle eigedomane i landet på det tidspunktet tinglysingsoppgåvene er overført frå alle tingrettane til Statens kartverk. Etter planen skal dette vere gjennomført andre halvår i 2007.

Mange konkursskyldnarar eig ikkje fast eigedom. Det kan difor reisast spørsmål om ein bør innføre ei automatisk registreringsplikt for Konkursregisteret i alle bu, eller om plikta skal vere avhengig av at bustyraren har gitt opplysning om at skyldnaren eig fast eigedom. Bustyraren har som oppgåve å skaffe seg oversikt over skyldnarens

eigedelar, og skyldnaren har opplysningsplikt andsynes bustyraren om kva han eig. Skyldnarens opplysningsplikt går fram av konkurslova § 101 første ledd.

Når det nye sentrale sakshandsamingssystemet for tinglysing er fullt operativt, vil det vere teknisk mogeleg at systemet automatisk sjekkar meldingar om konkurs frå Brønnøysundregistra mot opplysningar om kven som er registrerte med fast eigedom i grunnboka. Systemet vil då få «treff» om konkursskyldnaren er registrert med fast eigedom. Melding om konkursopning vil då berre bli tinglyst for dei som eig fast eigedom. Sjølv om ikkje alle konkursskyldnarar eig fast eigedom, meiner departementet at denne rutinen vil vere rasjonaliserande, slik at Brønnøysundregistra kan foreta slik automatisk undersøking for alle konkursar, og slik at konkursane blir tinglyst der det er «treff» i systemet.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen å overføre til Konkursregisteret ansvaret for å sørge for tinglysing av melding om opning av konkurs i grunnboka. Ein føresetnad for dette er at det nye sakshandsamingssystemet er operativt, slik at registrering av konkurs kan skje ved melding til eit sentralt register for heile landet. Lovendringa kan difor først tre i kraft frå det tidspunktet Regin@ er operativt for alle rettskrinsar.

Departementet foreslår ikkje å følgje opp forslaget om overføring av ansvaret for registrering i andre realregister enn grunnboka. Dei aktuelle realregistra er skipsregistra NIS og NOR, Kraftledningsregisteret, Luftfartsregisteret og Petroleumsregisteret. Dei fleste konkursskyldnarar vil ikkje ha formuesgode som er registrert i nokon av desse registra. I dei bua der det finst slike formuesgode, meiner departementet at registreringsplikta framleis bør liggje hos bustyraren. Det vil innebere liten (om nokon) rasjonaliseringsvinst å overføre registreringsplikta til Konkursregisteret i desse tilfella.

Departementet foreslår i denne omgang ikkje å følgje opp Konkursrådet sitt framlegg om å overføre ansvaret for registrering av melding om opning av konkurs i verdipapirregistra til Konkursregisteret. Registreringsplikta er etter gjeldande rett avhengig av at det er registrert rettar i verdipapirregisteret som bustyraren meiner er omfatta av buets beslagsrett. I mange bu vil det ikkje vere registrert slike rettar. Bustyraren må i alle høve få greie på kva for verdipapir eller rettar i verdipapir som inngår i buet. Det vil truleg vere liten rasjonaliseringsgevinst å hente ved å overføre til Konkursregisteret plikten til å melde konkurs i dei tilfella slike rettar inngår i buet.

Det er i dag ikkje teknisk lagt til rette for ei automatisk varsling om konkursopning til bankar og tilsvarande institusjonar.

Etter gjeldande rett er det berre dei bankane mv. der skyldnaren har innskot, som skal varslast om konkursopninga. Det kan reisast spørsmål om det bør innførast eit system der alle bankar mv. får melding om alle bu, og sjølve må gjere undersøkingar av om skyldnarane har konti hos dei. Det kan vere at det vil vere mogeleg å utvikle tekniske løysingar der melding om konkursopning i bankens datasystem blir halden saman med oversikta over kven som har konti der, på ein slik måte at bankane automatisk får fram ei oversikt over kva for konto-innehavarar som er gått konkurs. På den andre sida vil eit slikt system innebere at fleire personopplysningar (opplysningar om konkursopning) blir spreidde til bankane enn i dag.

Departementet vil på denne bakgrunnen ikkje foreslå å innføre ei slik automatisk varsling no. Departementet ser ikkje bort frå at den tekniske utviklinga etter kvart kan gjere slik automatisk varsling mogeleg. Eventuelle lovendringar kan vurderast seinare om dei tekniske tilhøva ligg til rette for det, og aktørane ønskjer det.

Departementet foreslår etter dette å oppretthalde den noverande ordninga med at plikta til å varsle bankar og tilsvarande institusjonar ligg hos bustyraren.

Når det gjeld registrering av konkursopninga i Meirverdiavgiftsmantalet, foreslår departementet å følgje opp forslaget frå Konkursregisteret om å

overføre dette til Konkursregisteret. Slik registrering vil kunne skje automatisk via Einingsregisteret når Konkursregisteret blir gjort til eit tilknytt register til Einingsregisteret, jf. punkt 8.

Departementet er elles samd med Brønnøysundregistra i at retten, bustyraren og Konkursregisteret som hovudregel bør kunne setje fram melding om opning av konkurs elektronisk eller på ein annan enkel måte. Departementet gjer framlegg om at konkurslova § 79 fjerde ledd første punktum om melding «over telefon eller på annen enkel måte» blir oppheva. Departementet foreslår i staden at forskriftsheimelen i noverande fjerde ledd andre punktum blir gjort meir generell. Forskrift 20. september 1985 nr. 1872 om framgangsmåten ved tinglysing av melding om konkursopning på grunnlag av begjæring over telefon eller på annen enkel måte bør etter departementets syn også bli endra som følgje av endringane i lovteksten og målet om ei meir teknologinøytral lovgiving.

I Konkursrådets høyringsnotat var det ikkje foreslått endringar i konkurslova § 36 om melding om opning av akkordforhandling. Spørsmålet var i det heile ikkje drøfta i høyringsnotatet. Departementet finn det heller ikkje naturleg å overføre nokre av registreringspliktene som gjeldsnemnda har etter denne føresegna, til føraren av Konkursregisteret. Konkursregisteret inneheld ikkje opplysningar om akkordforhandlingsbu, og det verker difor ikkje naturleg at føraren av Konkursregisteret får nokon av desse pliktene i akkordforhandlingsbua.

8 Konkursregisteret som tilknytt register til Einingsregisteret mv.

8.1 Registrering av konkursbu i Einingsregisteret og Konkursregisteret

8.1.1 Innleiing

I eit høyringsnotat utarbeidd av Brønnøysundregistra som Finansdepartementet sende på høyring 20. desember 2002, blei det foreslått endringar i reglane om Føretaksregisteret og Einingsregisteret. Dette gjaldt mellom anna endringar i reglane om registrering av konkursbu i Einingsregisteret. Ved kongeleg resolusjon 29. august 2003 blei Einingsregisteret overført frå Finansdepartementet til Nærings- og handelsdepartementet. Nokre av forslaga i høyringsnotatet blei følgde opp i Ot.prp. nr. 80 (2003-2004) Om lov om endringer i lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret, lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak og i enkelte andre lover. Eit framlegg i høyringsnotatet om å gjere Konkursregisteret til tilknytt register til Einingsregisteret blei utsett til proposisjonen her, av di det har samanheng med dei endringane i konkurslova som elles blir foreslått i proposisjonen her.

Konkursregisteret er i dag ikkje eit tilknytt register til Einingsregisteret, og reglane om registrering av konkursbu i Einingsregisteret og Konkursregisteret er dermed ikkje tilpassa kvarandre. Ordninga for registrering av konkursbu er difor meir tungvint enn naudsynt. Om Konkursregisteret blir gjort til eit tilknytt register, vil det ha fleire føremoner. Ein ville kunne oppnå både eintydig identifisering av konkursbua og enklare handsaming av bua.

Eit konkursbu oppstår som ein eigen juridisk person ved opninga av konkursen. Buet vil kunne pådra seg rettar og pliktar, til dømes i form av avgiftsplikt for omsetning etter opning av konkurs. Pådrar buet seg slik avgiftsplikt, må konkursbuet bli registrert med eige organisasjonsnummer i meirverdiavgiftsmanntalet. Organisasjonsnummet blir tildelt av Einingsregisteret. Konkursbuet og konkursskyldnaren er to ulike registreringseiningar.

8.1.2 Gjeldande rett

På grunnlag av melding frå tingretten etter konkurslova § 79 første ledd blir opplysningar om konkursbuet registrert i Konkursregisteret. Heimelen for denne registreringa er konkurslova § 144. Konkursbuet er ei registreringseining etter lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret § 4 første ledd bokstav b, og har dermed registreringsrett i Einingsregisteret, jf. einingsregisterlova § 12 andre ledd og forskrift 9. februar 1995 nr. 114 om registrering av juridiske personer m.m. i Enhetsregisteret § 8. *Plikt* til registrering i Einingsregisteret oppstår som ei følge av plikt til registrering i tilknytt register, jf. einingsregisterlova § 4.

Eit konkursbu er avgiftspliktig for omsetning og uttak etter opninga av konkurs, i den utstrekning avgiftsplikta ville liggje føre på skyldnaren hand, jf. lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift § 10 første ledd. Tilsvarande har konkursbuet rett til frådrag for inngåande avgift som oppstår ved kjøp av varer og tenester etter opning av konkurs, jf. meirverdiavgiftslova § 21. Pådrar buet seg avgiftsplikt, skal konkursbuet registrerast med eige organisasjonsnummer i Meirverdiavgiftsmanntalet. Meirverdiavgiftsmanntalet er eit tilknytt register til Einingsregisteret, jf. einingsregisterlova § 2 bokstav b nr. 4.

Konkursbuet og konkursskyldnaren er to ulike avgiftssubjekt (registreringseiningar). Konkursbuet skal difor alltid bli registrert på eit eige registreringsnummer (organisasjonsnummer) i Meirverdiavgiftsmanntalet, jf. meirverdiavgiftslova § 28. Buet sin registreringsplikt i Meirverdiavgiftsmanntalet er uavhengig av beløpsgrensa i meirverdiavgiftslova § 28 første ledd, om skyldnaren før opning av konkursen var registreringspliktig i Meirverdiavgiftsmanntalet, jf. meirverdiavgiftslova § 28 andre ledd. Etter at meirverdiavgiftsplikta er utvida til å omfatte også dei fleste tenester, vil difor dei fleste konkursbu bli registrert i Einingsregisteret på grunnlag av registreringsplikt i Meirverdiavgiftsmanntalet.

For konkursbu vil det også kunne oppstå registreringsplikt i Einingsregisteret på grunnlag av plikt til registrering i arbeidsgivardelen av

Arbeidsgivar-/ Arbeidstakarregisteret. Arbeidsgivardelen er tilknytt register til Einingsregisteret, jf. einingsregisterlova § 2 bokstav b nr. 1. Buett vil kunne trenge registrering som arbeidsgivar både i dei tilfella der konkursbuet fortsetter verksemda til skyldnaren etter konkursopninga, og i dei tilfella der konkursskyldnaren hadde tilsette, og desse har lønnskrav som skal bli dekt av buett.

Dei konkursbua som ikkje er registreringspliktige i Meirverdiavgiftsmanntalet eller som arbeidsgivarar, vil i dag i ikkje bli registrerte i Einingsregisteret, utan etter eige ønskje.

Registrering av konkursbu i Einingsregisteret må gjerast av bustyraren, ved at denne sender melding til Einingsregisteret. Ved førstegongsregistrering av konkursbuet må det vere vedlagt dokumentasjon som viser at eininga er oppretta eller stifta, jf. einingsregisterlova § 8, jf. einingsregisterforskrifta § 16.

8.1.3 Framlegget i høyringsnotatet

Det heiter i Brønnøysundregistras høyringsnotat på s. 19-21 mellom anna:

«Entydig identifisering

I en situasjon der Konkursregisteret er tilknyttet register vil *alle* konkursbo bli entydig identifisert, ved tildeling av organisasjonsnummer, jf. enhetsregisterloven § 9. En viktig forutsetning i arbeidet for å oppnå effektiv utnyttelse og samordning av opplysninger som innhentes og registreres av statlige etater, er at registreringsenhetene i de ulike registrene blir identifisert på en måte som er unik og felles for registrene. I tillegg vil det være en stor fordel for registreringsenhetene selv å ha ett identifikasjonsnummer å forholde seg til. Utbredelsen av organisasjonsnummeret som identifikator anses som et viktig element i arbeidet med å legge til rette for elektronisk innrapportering til forvaltningen.

Det presiseres at konkursdebitor ikke anses som en egen registreringssenhet i Konkursregisteret (...) Dette innebærer at åpning av konkursen ikke medfører registreringsplikt for disse enhetene i Enhetsregisteret.

Utvidelse av registreringsplikten

Konkursregisteret som et tilknyttet register vil innebære at alle konkurs- og tvangsavviklingsbo blir registrert i Enhetsregisteret, jf. enhetsregisterloven § 4 første ledd bokstav b. I tillegg må Konkursregisteret melde fra til Enhetsregisteret om endringer som omfattes av enhetsregisterloven §§ 5 andre ledd og 6, for eksempel endring av bostyrer. En ulempe ved en slik ordning vil være at det vil oppstå en noe

mer omfattende registreringsplikt for konkurs- og tvangsavviklingsbo, samt at bostyrer må melde endringer i de registrerte opplysninger til Enhetsregisteret eller til Konkursregisteret.

Dersom debitor før konkursåpningen var registreringspliktig i merverdiavgiftsmanntallet, vil også boett være registreringspliktig, uavhengig av beløpsgrensen i mval § 28 første ledd, jf. mval § 28 annet ledd. De fleste konkursbo vil følgelig også i dag ha registreringsplikt i Enhetsregisteret (...) Den reelle utvidelse av registreringsplikten ved at Konkursregisteret blir et tilknyttet register, vil derfor kun gjelde for bo der debitor før konkursen ikke hadde registreringsplikt i merverdiavgiftsmanntallet.

(...)

Forenkling av bobehandlingen

Etter enhetsregisterloven § 13 er det (...) enheten selv som har meldeplikt ved førstegongsregistrering i Enhetsregisteret. Enhetsregisteret har per i dag strengt tatt ikke hjemmel til å registrere opplysninger om enheter på grunnlag av melding fra skifteretten eller fra Konkursregisteret. Konkursregisteret som tilknyttet register vil medføre forenkling og rasjonalisering av bostyrers rutiner ved bobehandlingen, i det bostyreren da vil slippe å sende melding om nyregistrering av konkursbo til Enhetsregisteret.»

8.1.4 Høyringsfråsegnene

Dei høyringsinstansane som har uttalt seg om spørsmålet, er positive til at Konkursregisteret blir gjort til eit tilknytt register. Dette gjeld: *Nærings- og handelsdepartementet, Forbrukarrådet, Skattedirektoratet, Statistisk Sentralbyrå, Noregs Bank, Finansnæringsens Hovedorganisasjon, Landslaget for Regnskapskonsulenter og Næringslivets Hovedorganisasjon. Datatilsynet* peiker på at ein må ta omsyn til personvernrelaterte spørsmål når ein vurderer kven som skal ha tilgang til opplysningane. *Forbrukarrådet* uttaler:

«Lovforslaget vil styrke informasjonsflyten mellom registrene, noe som vil bidra til en mer effektiv utnyttelse av registrene og bedre kvalitet på de data som finnes i Enhetsregisteret.»

8.1.5 Departementets vurderingar

Justisdepartementet foreslår å følgje opp framlegget i høyringsnotatet 20. desember 2002, ved at Konkursregisteret blir føyd til på lista over tilknytte register i einingsregisterlova § 2 bokstav b.

8.2 Endringar i konkurslova som følgje av framlegget om å gjere Konkursregisteret til eit tilknytt register

8.2.1 Innleiing

Regelverket er i dag noko uklart når det gjeld definisjonen av registreringseininga i Konkursregisteret. Konkurslova § 144 fastset at «[p]ersoner, foretak, stiftelser og andre sammenslutninger som slås konkurs, samt aksjeselskaper og allmennaksjeselskaper som tvangsavvikles etter konkurslovens regler, kan registreres i et sentralt register».

Konkurslova § 144 er formulert slik at konkursskyldnaren skal vere registreringseining. Ut frå konkursregisterforskrifta kan det like gjerne vere konkursbuet som skal vere registreringseining. Dersom Konkursregisteret skal bli tilknytt register til Einingsregisteret, er det viktig at det er eintydig kva for ei eining som skal registrerast i Einingsregisteret. Sjølve grunnlaget for registrering i Konkursregisteret er konkurssopninga. Den nye eininga som oppstår i denne samanhengen, er konkursbuet. Det er opprettinga av konkursbuet som fører med seg registreringsplikt i Konkursregisteret, og også i Einingsregisteret.

Eit sentralt moment i grunngevinga for framlegget om å gjere Konkursregisteret til eit tilknytt register, er behovet for eintydig identifikasjon av alle konkursbu. Dersom alle konkursbu skal tildele organisasjonsnummer, må alle konkursbu ha registreringsplikt i Einingsregisteret. Dersom konkursbuet blir registreringseining i Konkursregisteret, medfører det slik registreringsplikt dersom Konkursregisteret blir tilknytt register.

Motsett inneber ei ordning der konkursskyldnaren blir registreringseining i Konkursregisteret at alle konkursskyldnarar blir registreringspliktige i Einingsregisteret, jf. einingsregisterlova § 4. Det ville bety at ein måtte tildele organisasjonsnummer til – og registrere i Einingsregisteret – til dømes alle privatpersonar som går konkurs. Slik registrering fell utanfor formålet til Einingsregisteret.

8.2.2 Framlegget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet blei det foreslått enkelte endringar i konkurslova i samband med framlegget om å gjere Konkursregisteret til eit tilknytt register. Det blei foreslått ei endring i konkurslova § 144 for å slå fast at det er konkursbuet som er registreringseining i Konkursregisteret. Det blei òg foreslått å ta inn ein eigen heimel for å kunne registrere sentrale opplysningar om konkursskyldnaren.

Konkurslova § 144 inneheld jamvel føresegnar om registrering av opplysningar om konkurska-

rantene i Konkursregisteret. For å unngå misforståingar om personar som har konkursskarantene, skal registrerast i Einingsregisteret, jf. einingsregisterlova § 4 andre ledd, blei det foreslått å ta inn ei føresegn i konkursregisterforskrifta om at slike personar uttrykkeleg blir unntatt frå registrering i Einingsregisteret.

I høyringsnotatet blei det presisert at dei foreslåtte endringane ikkje ville påverke nemnande kva for opplysningar som blir registrerte i Konkursregisteret, eller korleis dei blir nytta. Det skal framleis vere mogeleg å søkje etter opplysningar i Konkursregisteret ved å bruke organisasjons- eller fødselsnummeret til konkursskyldnaren.

8.2.3 Høyringsfråsegnene

Ingen av høyringsinstansane har hatt innhaldsmessige merknader til framlegga.

8.2.4 Departementets vurderingar

Justisdepartementet foreslår å følgje opp framlegget om at det er konkursbuet som skal vere registreringseining i Konkursregisteret. Men departementet ser ikkje noko behov for å ta inn ein heimel til å registrere sentrale opplysningar om skyldnaren, fordi slik heimel alt finst i konkurslova § 144 første ledd andre til fjerde punktum.

Departementet foreslår i proposisjonen her endringar i konkurslova § 144 første ledd, slik at kvart konkursbu og tvangsavviklingsbu skal bli registrert i Konkursregisteret på sitt eige organisasjonsnummer.

Endringane vil gjere det naudsynt med nokre tilpassingar i konkursregisterforskrifta.

8.3 Sletting av konkursbu i Einingsregisteret

Ved avslutning av konkurs skal retten som hovudregel sørge for at avslutninga blir registrert i Konkursregisteret, jf. konkurslova § 138 første ledd første punktum. Konkurslova § 138 første ledd andre punktum fastset at om konkurs er endelig avslutta ved sluttutlodding etter konkurslova § 128, er det bustyraren som skal syte for å gjere merknad om dette i Konkursregisteret. Føraren av Konkursregisteret skal syte for at avslutta buhandsaming blir meldt til Lausøyreregisteret, Føretaksregisteret og Rekneskapsregisteret, jf. konkurslova § 138 andre ledd. Ved avslutning av konkurs etter stadfesting av tvangsakkord, jf. konkurslova § 125, og ved tilbakelevering av buet

til skyldnaren, jf. konkurslova § 136, er det opp til skyldnaren om verksemda skal drivast vidare eller ikkje. Dersom konkursbuet eller tvangsavviklingsbuet er registrert i Einingsregisteret, må buet slettast av bustyraren. Bustyraren må sende inn slettemelding, med dokumentasjon for at eininga ikkje lenger eksisterer. Kopi av rettsbok er tilstrekkeleg dokumentasjon.

Blir konkursen avslutta etter innstilling av buhandsaminga, jf. konkurslova § 135, eller etter sluttutlodding og avslutning av buet, jf. konkurslova § 128, må det leverast inn slettemelding for både skyldnaren og for konkursbuet. Meldingane må leverast høvesvis av skyldnaren og av bustyraren.

Det har vist seg i praksis at plikta til å melde slik sletting sjeldan blir følgd. Ved avslutta buhandsaming er det naudsynt å slette både konkursbuet og i visse tilfelle også konkursskyldnaren frå Einingsregisteret. Reglane i konkurslova og i einingsregisterlova bør vere slik at dei sikrar dette.

Einingsregisterlova § 26 inneheld heimel for å slette avslutta einingar. Ei tilsvarande føresegn er gitt i føretaksregisterlova § 7-3. Forholdet mellom føresegnene er regulert i einingsregisterlova § 26 andre ledd. I dei tilfella der tilknytte register i samsvar med særlovgivinga har ansvaret for å slette avslutta einingar, er det det tilknytte registeret, og ikkje Einingsregisteret, som skal slette opplysningane.

Det er viktig at kvaliteten på alle opplysningane Einingsregisteret inneheld, blir sikra. Mellom anna bør einingar som ikkje lenger finst, slettast frå registeret. Ved avslutta buhandsaming er det difor eit behov for å slette konkursbuet i Einingsregisteret.

Dersom Konkursregisteret blir tilknytt registeret, vil kontrollansvaret for registreringseininga

konkursbu liggje hos Konkursregisteret, jf. einingsregisterlova § 15. Føresegna i einingsregisterlova § 26 andre ledd inneber at i dei tilfella der tilknytte register i særlovgivinga har ansvaret for sletting av avslutta einingar, skal ikkje Einingsregisteret utføre slik sletting.

Regelen i einingsregisterlova § 26 byggjer på den føresetnaden at sletting i tilknytte register automatisk medfører sletting også i Einingsregisteret. Slik sett kjem Konkursregisteret til å stå i ei særstilling samanlikna med til dei andre tilknytte registra. Melding til Konkursregisteret om avslutning av buhandsaminga inneber ikkje faktisk sletting frå Konkursregisteret, men må reknast som ei statusopplysning. Slik melding kan difor ikkje danne grunnlag for sletting i Einingsregisteret.

Ut frå systematikken i lovverket blei det i høyringsnotatet uttalt at det er naturleg at sjølve heimelen til å utføre sletting i Einingsregisteret finst i einingsregisterlova. Det blei difor foreslått at einingsregisterlova § 26 skulle få eit nytt tredje ledd om sletting av konkursbu etter melding frå Konkursregisteret om avslutta buhandsaming.

Datatilsynet peiker i høyringa på at når det gjeld spørsmålet om sletting i Einingsregisteret etter avslutning av konkurs, er det frå ein personvernrettsleg ståstad positivt at rutinar for sletting frå dei ulike registra etter avslutning av konkurs blir tydeleg regulerte gjennom endringsframlegget.

Ingen av dei andre høyringsinstansane har hatt merknader til framlegget.

D e p a r t e m e n t e t foreslår at einingsregisterlova § 26 fjerde ledd blir endra slik at ho heimlar sletting av konkursbuet etter avslutning av konkursen. Endringa føreset at endringa i lov 18. februar 2005 nr. 10 vert sett i kraft før endringa her.

9 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget om endringar i kunngjeringsreglane er venta å føre til ei innsparing for det offentlege på 8 millionar kr årleg. Det er venta ei innsparing på 3,5 millionar kr årleg ved avviklinga av annonseringa i Norsk Lysingsblad. Å gå over til aviskunngjering i forkorta form, er venta å gi ei innsparing på 4,5 millionar kr årlig.

Endringane vil gjere det naudsynt med tekniske investeringar og programutvikling og tilpassingar av datasystema til Brønnøysundregistra. Dette vil føre til auka utgifter for staten. Eingongskostnadene er av Brønnøysundregistra rekna til 3,66 millionar kr for å gjere Konkursregisteret til eit tilknytt register til Einingsregisteret, og 1,5 millionar kr for å utvikle og leggje til rette for eit system med eigne busider for konkursbua. Ein ventar difor ein samla utviklingskostnad på 5,16 millionar kr. Brønnøysundregistra legg til grunn at systema teknisk sett kan vere gjennomførte i løpet av 2007. Utviklingskostnadene på ca. 5,16 millionar kr vil delvis kome i 2006 og delvis i 2007. Brønnøysundregistra vil i tillegg utvikle abonnementsord-

ningar i tråd med framlegget innanfor den ordinære budsjetttramma mot at registra kan ta betalt til sjølvkost for abonnementa.

I tillegg vil det bli årlege driftskostnader knytt til bruk av den elektroniske løysinga hos Brønnøysundregistra. Brønnøysundregistra har berekna at dei årlege driftskostnadene vil bli på 1,5 millionar kr.

Endringane vil gje innsparingar for konkursbua. Konkursrådet rekna i 2002 med at bu med mange fordringshavarar ville kunne spare 10 000 til 30 000 kr berre i reduserte portoutgifter ved bruk av elektronisk kommunikasjon. Dei sparte midlane kan i staden gå til å dekkje øvrig handsaming av konkursbuet, eller til auka dividende til fordringshavarane. I tillegg til reduksjon av portoutgifter vil framlegget venteleg føre til at bustyrane får færre og enklare administrative oppgåver i buhandsaminga samanlikna med i dag.

Næringslivet eller private aktørar får elles ikkje nye kostnader eller administrative byrder som følgje av framlegget.

10 Merknader til lovforslaget

10.1 Merknader til endringane i konkurslova

Til § 6

I § 6 første ledd første punktum er det foreslått at kunngjering av opning av forhandling om friviljug gjeldsordning skal kunngjerast elektronisk i Brønnøysundregistra sin elektroniske kunngjeringspublikasjon. Denne kunngjeringa trer i staden for kunngjering i Norsk Lysingsblad, sjå punkt 3. Opninga skal òg kunngjerast i ei avis som er alminneleg lesen på staden. Etter § 6 første ledd første punktum er det berre «åpningen» av gjeldsforhandlinga som skal kunngjerast. Føresegna i § 35 første ledd om kva ei kunngjering om opning av forhandling om tvangsakkord skal innehalde, gjeld ikkje tilsvarende. Ei kunngjering etter § 6 vil difor vere relativt kort. Kunngjeringar etter § 6 førekjem dessutan sjeldan i praksis. Departementet meiner difor at det ikkje er naudsynt med ei føresegn om at kunngjeringa i avisa skal bli gjengitt i forkorta form, slik det er foreslått når det gjeld kunngjeringar etter §§ 35 og 78.

Til § 24

I § 24 andre ledd er alternativet om telegrafisk underretning til gjeldsnemnda tatt ut av lovteksten. Bruk av telegram og teleks er ikkje lenger praktisk. Sjå punkt 5.4.3. For ordens skuld presiserer departementet at kommunikasjon ved hjelp av telefaks framleis kan skje i medhald av føresegna. Bruk av telefaks er ei form for skriftleg kommunikasjon.

Til § 25

I § 25 andre ledd nytt andre punktum er det føyd til at oppmodinga til fordringshavarane også kan sendast ved å bruke elektronisk kommunikasjon dersom det er nytta ein trygg metode for å sikre at meldinga er nådd fram. Endringa er nærmare omtalt i punkt 5.4.3.

Til § 35

Reglane i § 35 andre ledd om i kva form kunngjering skal skje, er foreslått endra. Det er fastsett at

kunngjering skal skje i Brønnøysundregistra sin elektroniske kunngjeringspublikasjon og i ei avis som er vanleg lesen på staden. Kunngjeringa i avisa skal bli gjengitt i forkorta form med tilvising til den fullstendige kunngjeringa i den elektroniske kunngjeringspublikasjonen. Forslaget må sjåast i samanheng med framlegget om ein forskriftsheimel i § 156 nytt sjette ledd, som gir departementet heimel til å gi nærmare reglar om gjennomføringa av kunngjeringa. Endringane i kunngjeringsreglane er omtalt nærmare i dei alminnelege merknadene punkt 3.

Til § 37

I § 37 er det føyd til i nytt andre punktum at underretninga til fordringshavarane også kan sendast ved å bruke elektronisk kommunikasjon dersom det er nytta ein trygg metode for å sikre at underretninga er nådd fram. Endringa er nærmare omtalt i punkt 5.4.3.

Til § 40

Femte ledd er endra ved at reglane om vedtaking av akkordforslaget ved telegram er tatt ut. Bruk av telegram er ikkje lenger praktisk. Sjå nærmare punkt 5.4.3.

Til § 78

§ 78 første ledd nytt nr. 5 fastset at ei kunngjering om konkursopning skal opplyse om kva for ein domstol som handsamar buet, sjå punkt 3.4.

I andre ledd er tilvisinga til § 156 justert som ein konsekvens av dei foreslåtte endringane i § 156.

Endringa i tredje ledd første punktum om i kva form kunngjeringa skal skje, svarar til endringa av § 35 andre ledd. Departementet viser til merknadene til § 35 og til dei alminnelege merknadene punkt 3.

Til § 79

I § 79 er det gjort endringar med omsyn til kven som skal ha plikt til å registrere meldingar om konkursopning i forskjellige register. Endringane er omtalt nærmare i punkt 7.4 i dei alminnelege merknadene.

I *andre ledd* er pliktene til føraren av Konkursregisteret utvida, ved tilføyinga av nytt nr. 2. Noverande nr. 2 og 3 blir nye nr. 3 og 4. Etter nr. 2 skal føraren av Konkursregisteret gi melding om konkursopninga til grunnboka dersom skyldnaren eig fast eigedom. Føresegna vil ikkje bli sett i kraft før det nye sentrale tinglysingssystemet er sett i verk for alle rettskrinsar.

I § 79 *tredje ledd* er det gjort framlegg om at føraren av Konkursregisteret skal melde frå om opninga av konkursen i Meirverdiavgiftsmanntalet i staden for bustyraren som i dag.

Fjerde ledd fastset kva for registreringar bustyraren skal stå for. Som følgje av overføringa av plikten til tinglysing i grunnboka, er det berre andre realregister enn grunnboka og verdipapirregister som blir omfatta av bustyrarens registreringsplikt etter dette leddet. Retten kan framleis vedta å sjølv syte for slik kunngjering.

Femte ledd er uendra.

Noverande fjerde ledd er flytta til *sjette ledd* og er foreslått endra. Departementet meiner at lovgivinga bør vere teknologinøytral og finn det ikkje naudsynt å nemne særskilt kva for tekniske hjelpemidlar som skal bli nytta. Føresegna gir heimel for å gi forskrifter om framgangsmåten ved framsetjing av meldingar etter første til femte ledd, og inneber dermed eit utvida virkeområde samanlikna med gjeldande fjerde ledd. Endringa av heimelen vil gjere det naudsynt med endring av forskrift 20. september 1985 nr. 1872 om framgangsmåten ved tinglysing av melding om konkursåpning på grunnlag av begjæring over telefon eller på annen enkel måte.

I *sjuande ledd*, som svarar til gjeldande sjette ledd, er det gjort endringar i tilvisingar, som er naudsynte på grunn av dei andre endringane i paragrafen.

Til § 93

I § 93 *første ledd andre punktum* er det fastsett at innkalling til skiftesamling skal kunngjerast i Brønnøysundregistra sin elektroniske kunngjeringspublikasjon i staden for i Norsk Lysingsblad, sjå nærare punkt 3. Hovudregelen er elles etter første punktum at retten avgjer korleis ein skal kalle inn til skiftesamling når fristen for fordringsanmelding er ute.

Til § 109

I § 109 *tredje ledd* er utgangspunktet for fristen for å melde krav i buet endra frå den dag kunngjeringa blir innrykka i Norsk Lysingblad til det tidspunktet konkursopninga blei kunngjort i Brønnøysundre-

gistras elektroniske kunngjeringspublikasjon. Endringa må sjåast i samanheng med endringa i konkurslova § 78 tredje ledd. Dagen for kunngjering må då gå fram av kunngjeringa.

Til § 111

I § 111 *andre ledd nytt tredje punktum* framgår det at ein kan sende varsel om prøving av fordringane i elektronisk form med opplysning om kor innstillinga finst elektronisk tilgjengeleg, dersom fordringshavaren har godtatt bruk av elektronisk kommunikasjon. Føresegna gir fordringshavaren krav på eit direkte varsel om fordringsprøvinga, men innstillinga treng ikkje følgje med varselet om fordringshavaren elles har godtatt å nytte elektronisk kommunikasjon. Varselet kan då vise til at innstillinga finst tilgjengeleg på ei elektronisk buside. I tillegg er det i *nytt fjerde punktum* gjort framlegg om at den som har rett til å vere til stades ved prøvinga av fordringane, også skal ha rett til å be om å få bustyraren si innstilling sendt til seg. Om innstillinga blir oversendt elektronisk eller med vanleg post, vil her kvile på ein avtale mellom bustyraren og den som etterspør informasjonen.

Til § 120

I *fjerde ledd første punktum* er det fastsett at bustyraren skal gjere innberetninga kjent for fordringshavarane ved å sende den til dei eller gjere den tilgjengeleg i elektronisk form, sjå punkt 5.4. Ordet «sende» vil vere teknologinøytralt, jf. § 156 andre ledd. Poenget med endringa av § 120 fjerde ledd er å fastslå at om fordringshavaren har godtatt elektronisk kommunikasjon, treng ikkje bustyraren å sende innberetninga særskilt til fordringshavaren. Det vil vere nok å gjere ho tilgjengeleg på busida. Med heimel i § 156 fjerde ledd kan Kongen i forskrift gi nærmare reglar om i kva form ei buinnberetning kan sendast elektronisk til Konkursregisteret.

Til § 122

Det er foreslått ei endring i § 122 *andre ledd* som gjeld bustyrarens utsending av sluttrekneskap og sluttreiegring. Nytt *tredje punktum* fastset at sjølve rekneskapen og utgreiinga ikkje treng sendast til fordringshavarar som har godtatt elektronisk kommunikasjon. Desse dokumenta kan då gjerast tilgjengelege på busida. Men fordringshavaren skal likevel få eit særskilt varsel om fristen på to veker for å gjere innvending. I varselet skal det då visast til kor rekneskapen og reiegringeringa er tilgjengelege. Sjå punkt 5.4.

Til § 124

Det er foreslått ei endring i § 124 *andre ledd* som gjeld bustyrarens utsending av akkordforslag, si eiga og bustyrets uttale om forslaget og fordringshavarlista, sjå punkt 5.4. Nytt *tredje punktum* fastset at sjølve forslaget, uttalene og fordringshavarlista ikkje treng sendast til fordringshavarar som har godtatt elektronisk kommunikasjon. Desse dokumenta kan då gjerast tilgjengelege på busida. Men fordringshavaren skal likevel få eit særskilt varsel om fristen på minst to veker etter § 40 første ledd for å gjere innvending, og eventuelt om tid og stad for avstemningsmøte, jf. § 40 andre ledd. I varselet skal det då visast til kor forslaget, uttalene og fordringshavarlista er tilgjengelege.

Til § 128

I § 128 *første ledd andre punktum* er det presisert at dei fordringshavarane som har reist innvending mot ei avgjerd om å ta buet opp til slutning, skal «underrettes» om avgjerda. Poenget med presiseringa er å gjere det klårt at det ikkje er nok at avgjerda er tilgjengeleg på ei buside. Men det vil vere nok å underrette over telefon, hvis avgjerda ikkje blir sendt til fordringshavarane. Sjå punkt 5.4.2.

Av same årsak er det foreslått at «meddeles» blir endra til «sendes» i § 128 *fjerde ledd første punktum*. Ordet «sende» vil her innebere at det ikkje er nok med underretning over telefon.

Til § 130

Endringa i *andre ledd tredje punktum* er føretatt for å få fram at kvar fordringshavar skal få ei direkte underretning om den nye utlodninga. Poenget er å gjere det klårt at det ikkje er nok at utlodninga er tilgjengeleg på ei buside.

Til § 136

I § 136 *tredje ledd* er det foreslått at kunngjering om at buhandsaminga er innstilt, skal skje ved offentliggjerding i Brønnøysundregistra sin elektroniske kunngjeringspublikasjon og i ei avis som er alminneleg lesen på staden. Sjå punkt 3.4. I den gjeldande lovteksten er det her berre vist til kunngjeringsforma etter § 78 tredje ledd. Det er her foreslått ei eiga føresegn i § 136 tredje ledd fordi det ikkje er grunn til å la aviskunngjeringa skje i forkorta form. Innhaldet i ei kunngjering etter § 136 tredje ledd vil i alle høve vere kort.

Til § 138

I § 138 *første ledd tredje og fjerde punktum* er det gjort framlegg om at bustyraren si plikt til å sørgje

for sletting av tidlegare meldingar om at konkurs er opna i dei registra som er nemnde i leddet, blir overført til føraren av Konkursregisteret. Føremålet med framlegget er å redusere bustyraren si arbeidsmengd og gi grunnlag for rasjonaliserings-effektar ved bruk av elektronisk kommunikasjon. Sjå punkt 7.

Til § 144

I § 144 *første ledd første punktum* er det gjort framlegg om at alle konkursbu og alle tvangsavviklingsbu skal registrerast i Konkursregisteret. Framlegget gjer slik registrering obligatorisk. Framlegget går også ut på at alle bu skal bli registrert på sitt eige organisasjonsnummer. Endringa inneber at det er konkursbuet eller tvangsavviklingsbuet, og ikkje som i dag konkursskyldnaren, som skal vere registereining i Konkursregisteret. Endringa er naudsynt for å sikre automatisk og elektronisk overføring av informasjon mellom ulike register. I første ledd andre og tredje punktum er det gjort endringar som er naudsynte på grunn av endringa i første ledd. Endringane inneber ikkje realitetsendringar.

I *tredje ledd* er det gjort framlegg om å føye til Einingsregisteret blant dei registra som kan overføre opplysningar til Konkursregisteret etter nærare forskrifter gitt av departementet. Endringa er naudsynt for å sikre kommunikasjon mellom registra. Ei slik overføring av informasjon vil venteleg også ytterlegare betre opplysningskvaliteten i registra.

Til § 156

Nye *andre til sjette ledd* i § 156 gir reglar om elektronisk kommunikasjon. Overskrifta til føresegna er endra for å femne om dei nye ledda.

Nytt *andre ledd første punktum* klårgjer at når lova nyttar omgrepet «skriftlig», er det ikkje til hinder for at den skriftlege informasjonen kan formidlast elektronisk, dersom sendaren og mottakaren har lagt til rette for det, og mottakaren har godtatt det. Vilkåret at det må vere lagt til rette for det, inneber eit krav om at det teknisk må vere mogeleg å formidle informasjonen elektronisk, og at eventuelle krav til teknisk tryggleik som blir fastsett etter utkastet til nytt fjerde ledd, er oppfylte. Nytt *andre ledd andre punktum* fastset at lovas uttrykk «sendes», «meddeles», «meldes», «varsel» og «underretning» skal tolkast som teknologinøytrale omgrep, men at det vil vere eit vilkår for bruk av elektronisk kommunikasjon at partane har lagt til rette for det og mottakaren har godtatt det.

Nytt *tredje ledd første punktum* omhandlar høvet til å gjere dokument og opplysningar om buet tilgjengelege på elektroniske busider drifta av Brønnøysundregistra.

Føremålet med busidene hos Brønnøysundregistra er å gjere det tenleg for alle bustyrarar å samle buinformasjon hos Brønnøysundregistra i staden for å nytte manuell handsaming eller leggje informasjonen ut på nettsidene til den einskilde bustyraren. Plasseringa av busidene i Brønnøysundregistra si tekniske løysing gjer at bustyraren kan bli letta for ei rekkje administrative oppgåver. Dette vil føre til reduserte kostnader for buet og truleg ei betre buhandsaming. Ei slik plassering vil vidare gjere det lettare å løyse dei personvernrettslege sidene ved slik kommunikasjon på ein god måte. Føresegna fastset at «[d]okumenter» og «opplysningar» om konkursbuet kan gjerast tilgjengelege på sida. Det er ikkje umogleg at det teknisk kan bli lagt til rette for at ulike varsel kan sendast automatisk frå sidene til fordringshavarar som har godtatt dette. Det vil då vere ei føresetnad at kvart varsel oppfyller dei krav som elles er fastsett i lova. Det følgjer av *tredje ledd andre punktum* at føraren av Konkursregisteret skal syte for at all informasjon om buet som finst i Konkursregisteret, utan opphald blir gjort tilgjengeleg på busida. Føremålet er å samle mest mulig informasjon på busida. I *tredje ledd tredje punktum* er det presisert at berre føraren av Konkursregisteret og bustyraren kan leggje inn informasjon på busida. I *fjerde punktum* er det fastsett at informasjonen på busida ikkje må gjerast tilgjengeleg for andre enn dei som har ein lovheimla rett til å motta den. At informasjonen blir tilgjengeleg på busida, skal med andre ord ikkje føre til at krinsen av dei som har rett til å se informasjonen, blir utvida samanlikna med i dag. Departementet kan gi nærmare reglar om dette i forskrift etter *fjerde ledd*. Det vil her blant anna vere relevant å gi reglar om kven som har ansvaret for at opplysningane er korrekte, oppdaterte og naudsynte, og at dei ikkje blir lagra lenger enn det er høve til jf. personopplysningslova §§ 27 og 28.

I *fjerde ledd* er det gitt ein forskriftsheimel for at Kongen kan fastsetje nærmare krav til teknisk tryggleik mv. for elektronisk kommunikasjon etter lova og for dei elektronisk busidene. Det kan til dømes vere aktuelt å fastsetje at det for einskilde meldingar eller varsel må vere nytta ei form for elektronisk kommunikasjon som sikrar autentisitet over kven som er avsendar eller over innhaldet i eit dokument. Føresegna gir òg heimel for å stille særskilte krav til i kva form bustyraren skal gi buinnberetninga til Konkursregisteret etter konkurslova § 120, til dømes ved bruk av ein elektro-

nisk blankett. Men ei slik forskrift vil ikkje kunne endre dei krava til innhaldet i buinnberetninga som følgjer av konkurslova § 120 første ledd.

I *femte ledd første punktum* er det gjort framlegg om ein heimel til å gi reglar om avgrensa tilgang til elektronisk tilgjengelege opplysningar. Departementet legg førebels til grunn at det minst vil bli fire ulike tilgangsnivå. Kunngjeringsinformasjonen skal vere tilgjengeleg for alle. Det vil vidare følgje av eigne reglar kven som har tilgang til opplysningane i Konkursregisteret. Det må vere definert kva for opplysningar fordringshavarane, offentlege etatar, bustyraren og føraren av Konkursregisteret skal ha tilgang til. Vidare vil abonnement på informasjon frå busidene ha avgrensa målgrupper. I *femte ledd første punktum* er det òg heimel for å gi forskrifter om bustyrarens og føraren av Konkursregisteret sine plikter. Det vil kunne vere aktuelt å gi reglar om plikt til å syte for at opplysningane er oppdaterte og korrekte og kven som reint praktisk skal syte for sletting av opplysningar mv. Det er òg heimel for å gi reglar om sletting av opplysningar på busidene. I *femte ledd andre punktum* er det vidare gitt heimel for å gi unntak frå konsesjonsplikta etter personopplysningslova § 33.

Nytt sjette ledd gir ein forskriftsheimel for reglar om gjennomføring av kunngjering etter lova. Heimelen gjeld alle føresegnene i lova som påbyr kunngjering. Mellom anna kan det fastsetjast reglar om kva ei forkorta kunngjering i avis skal innehalde. Sjettem ledd gir òg heimel for å fastsetje reglar om sletting av kunngjeringsopplysningar.

Til 156 a

Paragrafen er ny. *Første punktum* gir føraren av Konkursregisteret plikt til å tilby abonnementsordningar for informasjon frå Brønnøysundregistra sin elektroniske kunngjeringspublikasjon. *Andre punktum* gir Kongen heimel til å gi nærmare reglar om slike abonnementsordningar. I *tredje punktum* er det gitt heimel for at Kongen kan gi forskrifter om abonnementsordningar for informasjon frå elektroniske busider hos Brønnøysundregistra. Sjå punkt 4.

10.2 Merknader til endringa i einingsregisterlova

Til § 2

I § 2 første ledd *nytt nr. 7* er Konkursregisteret føyd til på lista over kva for register som er tilknytte register til Einingsregisteret. Forslaget om å gjere Konkursregisteret til slikt tilknytt register er nærmare omtalt i dei alminnelege merknadene punkt 8.

Til § 26

Det er foreslått eit nytt *fjerde ledd* i § 26 om at dersom Einingsregisteret har mottatt melding etter konkurslova § 138 andre ledd første punktum, skal det registrerte konkursbuet slettast frå registeret. Sjå punkt 8.3.

**10.3 Til ikraftsetjings- og overgangs-
føresegnene**

Det er fastsett at lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset, og det er gitt heimel for delt ikraftsetjing. Det vil vere mogeleg å setje reglane om

kunngjeringar i kraft før dei andre lovendingane. Dei andre lovendingane krev langt på veg at det blir fastsett nærare forskrifter før ikraftsetjinga.

Justis- og politidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs og andre lover (elektronisk kommunikasjon mv.).

VI HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs og andre lover (elektronisk kommunikasjon mv.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs og andre lover (elektronisk kommunikasjon mv.)

I

I lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs (konkursloven) blir det gjort følgende endringer:

§ 6 første ledd første punktum skal lyde:

Når forhandling om frivillig gjeldsordning er åpnet, skal gjeldsnemnda, hvis ikke retten beslutter å gjøre det selv, uten opphold kunngjøre åpningen i *Brønnøysundregistrenes elektroniske kunngjøringspublikasjon* og i en avis alminnelig lest på stedet.

§ 24 andre ledd skal lyde:

Fordringshaverne oppfordres samtidig til innen en frist som ikke må settes kortere enn to uker, og ikke lengre enn tre uker, å underrette gjeldsnemnda *skriftlig om* de vedtar forslaget.

§ 25 andre ledd første og nytt andre punktum skal lyde:

Dersom forslaget ved utløpet av fristen etter § 24 annet ledd ikke er blitt godtatt av alle disse fordringshavere, men heller ikke er blitt forkastet av noen av dem, kan *gjeldsnemnda oppfordre* de fordringshavere som ikke har svart, til innen to uker å melde fra om de godtar forslaget. *Oppfordringen skal sendes i rekommandert brev eller ved bruk av elektronisk kommunikasjon hvor det er benyttet en betryggende metode for å sikre at meldingen er mottatt.*

Noverande andre og tredje punktum blir nye tredje og fjerde punktum.

§ 35 andre ledd skal lyde:

Kunngjøringen rykkes inn i *Brønnøysundregistrenes elektroniske kunngjøringspublikasjon* og i en avis som er alminnelig lest på stedet; kunngjøringen skal i avisen gjengis i forkortet form med henvisning til *den elektroniske kunngjøringspublikasjonen*.

§ 37 skal lyde:

§ 37 *Underretning ved bestridte fordringer*

Dersom en anmeldt fordring helt eller delvis blir bestridt, skal gjeldsnemnda uten opphold underrette *fordringshaveren* og samtidig gjøre vedkommende oppmerksom på reglene i § 47 annet ledd. *Underretningen skal sendes med rekommandert brev eller ved bruk av elektronisk kommunikasjon hvor det er benyttet en betryggende metode for å sikre at underretningen er mottatt.*

§ 40 femte ledd skal lyde:

Dersom vedtakelsen eller tilbakekallingen er *skjedd ved* en representant som ikke har fremlagt betryggende legitimasjon for sin myndighet til å forplikte fordringshaveren, skal vedtakelsen eller tilbakekallingen godtas *såfremt betryggende* legitimasjon fremlegges innen den fastsatte avstemningsfrist eller på et eventuelt avstemningsmøte.

§ 78 første ledd nr. 4 og 5 skal lyde:

- 4) oppfordring til fordringshaverne om å melde sine krav til bostyreren innen en nærmere angitt frist, jf. § 109,
- 5) *opplysning om hvilken domstol som behandler boet.*

§ 78 andre ledd skal lyde:

Dersom det må antas at boet ikke vil gi dekning til uprioriterte fordringer, kan dette opplyses i kunngjøringen sammen med rettens mulige beslutning etter § 156 første ledd.

§ 78 tredje ledd første punktum skal lyde:

Retten eller føreren av konkursregisteret dersom departementet bestemmer det, skal *sende* kunngjøringen til *Brønnøysundregistrenes elektroniske kunngjøringspublikasjon* og *rykke den inn* i en avis som er alminnelig lest på stedet; kunngjøringen skal i avisen gjengis i forkortet form med henvisning til *den elektroniske kunngjøringspublikasjonen*.

§ 79 skal lyde:

§ 79 *Tinglysing m v. av melding om at konkurs er åpnet.*

Retten skal sørge for at melding om at konkurs er åpnet i skyldnerens bo, registreres i Konkursregisteret.

Føreren av Konkursregisteret sørger for at melding om at konkurs er åpnet i skyldnerens bo, tinglyses eller registreres i:

- 1) Løsøreregisteret,
- 2) grunnboken, dersom skyldneren eier fast eiendom,
- 3) Foretaksregisteret, dersom skyldnerens virksomhet er innført der,
- 4) Regnskapsregisteret, dersom skyldnerens virksomhet er innsendingspliktig.

Føreren av Konkursregisteret skal sende melding om konkursåpningen i samsvar med lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift § 27 annet ledd.

Med mindre retten beslutter å gjøre det selv, skal bostyreren sørge for at melding om at konkurs er åpnet i skyldnerens bo, registreres i

- 1) *andre realregistre enn grunnboken, for så vidt skyldneren eier eiendeler som er registrert der,*
- 2) *et verdipapirregister, dersom det er registrert retigheter der som bostyreren mener er omfattet av boets beslagsrett.*

Med mindre retten beslutter å gjøre det selv, skal bostyreren videre sende underretning om konkursåpningen til Posten Norge AS og de banker og tilsvarende institusjoner hvor skyldneren har innskudd.

Kongen kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om fremgangsmåten ved fremsetting av meldinger etter første til femte ledd.

Bli en eiendel abandonert etter § 117 b, skal bostyreren sørge for at melding som nevnt i andre ledd nr. 1 og 2 og fjerde ledd slettes for så vidt gjelder de abandonerte eiendeler. Videre skal det gis melding til fylkesskattekontoret dersom abandoneringen gjelder formuesgoder som vil kunne medføre krav på merverdiavgift ved salg fra skyldnerens side.

§ 93 første ledd andre punktum skal lyde:

Så lenge fristen for anmeldelse av fordringer ikke er utløpt, skal innkalling likevel alltid *kunngjøres i Brønnøysundregistrenes elektroniske kunngjøringspublikasjon.*

§ 109 tredje ledd skal lyde:

Fristen for anmeldelse må være minst tre og høyst seks uker regnet fra den dag *konkursåpningen ble kunngjort i Brønnøysundregistrenes elektroniske kunngjøringspublikasjon.*

§ 111 andre ledd skal lyde:

Konkursskyldneren, fordringshavere som har fått innstilt sine fordringer og borevisor har rett til å uttale seg og å være til stede under fordringsprøvingen. Disse skal varsles om tid og sted for prøvingen og tilsendes bostyrerens innstilling minst åtte dager før prøvingen finner sted. *Varsel om fordringsprøving kan sendes elektronisk med henvisning til hvor innstillingen finnes elektronisk tilgjengelig, dersom mottakeren har godtatt bruk av elektronisk kommunikasjon. Den som har rett til å være til stede ved fordringsprøvingen, har likevel rett til å på forespørsel få tilsendt innstillingen.* Når det finnes ubetenkelig, kan en fordring prøves selv om bostyrers innstilling ikke har foreligget senest åtte dager før fordringsprøvingen.

§ 120 fjerde ledd skal lyde:

Bostyreren skal *gjøre innberetningen kjent for fordringshaverne ved å sende den til dem, eller gjøre den elektronisk tilgjengelig dersom fordringshaveren har godtatt bruk av elektronisk kommunikasjon. Bostyreren skal sende innberetningen til Konkursregisteret og skyldneren.*

§ 122 andre ledd nytt tredje punktum skal lyde:

Dersom fordringshaveren har godtatt bruk av elektronisk kommunikasjon, kan fordringshaveren i varselet gjøres kjent med fristen og om hvor regnskapet og redegjørelsen finnes elektronisk tilgjengelig.

§ 124 andre ledd nytt tredje punktum skal lyde:

Dersom fordringshaveren har godtatt bruk av elektronisk kommunikasjon, kan fordringshaveren i varselet gjøres kjent med fristen etter § 40 og om hvor forslaget, bostyrerens og bostyrets uttalelse og fordringshaverlisten finnes elektronisk tilgjengelig.

§ 128 første ledd andre punktum skal lyde:

De fordringshavere som har reist innsigelser mot beslutningen om å ta boet opp til slutning, jf. § 122 annet ledd, skal underrettes om beslutningen.

§ 128 fjerde ledd første punktum skal lyde:

Utlodningen *sendes til alle fordringshavere med godkjente fordringer.*

§ 130 andre ledd tredje punktum skal lyde:

De fordringshavere som får et mindre beløp enn angitt i bostyrerens utlodning, skal underrettes om den nye utlodningen.

§ 136 tredje ledd skal lyde:

Kunngjøring om at bobehandlingen er innstilt, skal offentliggjøres *i Brønnøysundregistrenes elek-*

troniske kunngjøringspublikasjon og i en avis som er alminnelig lest på stedet.

§ 138 første ledd tredje og fjerde punktum skal lyde:

Med mindre retten beslutter å gjøre det selv, skal føreren av Konkursregisteret sørge for at meldinger som er gitt i henhold til § 79 andre ledd nr. 2 og nr. 5 og fjerde ledd blir slettet. Videre skal føreren av Konkursregisteret gi melding i samsvar med lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift § 27 annet ledd.

§ 144 første ledd skal lyde:

Ethvert konkursbo og bo som etter annen lovgivning skal tvangsavvikles etter konkurslovens regler, skal registreres i et sentralt register (Konkursregisteret) på eget organisasjonsnummer. Også stiftere, daglig leder og personer som har eller har hatt verv i et foretak, en sammenslutning eller en stiftelse som er konkurs eller under tvangsavvikling, kan registreres. Det samme gjelder eiere av et slikt foretak eller en slik sammenslutning som har en eierandel på 20 prosent eller mer, eller som har hatt en slik eierandel senere enn fem år før åpningen av bobehandlingen. Det kan også registreres opplysninger fra bostyrerens innberetninger, med unntak for opplysning om mistanke om straffbare forhold. Departementet gir nærmere bestemmelse om registerets innhold.

§ 144 tredje ledd skal lyde:

Opplysninger som er registrert i Løsøreregisteret, Foretaksregisteret, Enhetsregisteret og Regnskapsregisteret, kan meddeles til Konkursregisteret etter nærmere bestemmelser gitt av departementet.

§ 156 skal lyde:

§ 156 Forenklet underretning til fordringshaverne, elektronisk kommunikasjon m v.

Retten kan bestemme at påbudt underretning skal skje på annen måte enn bestemt, at underretning bare skal skje til fordringshavere hvis tilgodehavende er prioritert eller overstiger et visst beløp eller at underretning helt skal unnlates, dersom omkostningene ved å benytte den påbudte fremgangsmåte vil stå i fremtredende misforhold til fordringenes størrelse eller den dekning de kan ventes å få. Beslutning etter denne paragraf skal så vidt mulig meddeles alle som berøres av beslutningen, med mindre det synes klart ubetenkelig å unnlate å gi slik melding.

Kommunikasjon som etter loven skal skje skriftlig, kan formidles elektronisk om senderen og mottakeren har lagt til rette for det og mottakeren har godtatt det. Det samme gjelder når loven her fastsetter at informasjon skal sendes, meldes eller meddeles, eller at det skal gis varsel eller underretning. For kommunikasjon med retten gjelder domstolloven § 197 a.

Dokumenter og opplysninger som gjelder et konkursbo, kan også gjøres elektronisk tilgjengelig på egne bosider som drives av Brønnøysundregistrene. Føreren av Konkursregisteret skal sørge for at all informasjon som finnes om boet i Konkursregisteret uten opphold blir gjort tilgjengelig på bosiden. Bare bostyreren og føreren av Konkursregisteret kan legge inn informasjon på bosiden. Informasjonen på bosiden skal ikke gjøres tilgjengelig for andre enn dem som ifølge lov eller med hjemmel i lov har rett til å motta den.

Kongen kan i forskrift gi nærmere regler om elektronisk kommunikasjon etter loven her og om de elektroniske bosidene, herunder regler om undertegning, autentisering, integritet og konfidensialitet og regler som stiller krav til produkter, tjenester og standarder som er nødvendige for slik kommunikasjon.

Kongen kan i forskrift gi regler om begrenset tilgang til opplysninger som er elektronisk tilgjengelige, om sletting av opplysninger fra bosidene og om plikter for bostyreren og føreren av Konkursregisteret. Kongen kan i forskrift også gi regler om fritak for konsesjonsplikt jf. lov 14. april 2000 nr. 31 om behandling av personopplysninger § 33.

Kongen kan gi forskrift med nærmere bestemmelser om gjennomføring av kunngjøring, herunder hvilke opplysninger som skal kunngjøres når kunngjøringen skal ha en forkortet form og om sletting av elektronisk lagrede kunngjøringsopplysninger.

Ny § 156 a skal lyde:

§ 156 a Abonnementsavtaler

Føreren av Konkursregisteret skal tilby abonnementsordninger for opplysninger som etter loven her skal kunngjøres i Brønnøysundregistrenes elektroniske kunngjøringspublikasjon. Kongen kan i forskrift gi nærmere regler om ordningen, herunder om hvilke typer abonnement som skal tilbys, tekniske krav for å være abonnent og om finansiering. Kongen kan i forskrift også gi regler om at fordringshavere og offentlige myndigheter skal kunne abonnere på opplysninger fra elektroniske bosider hos Brønnøysundregistrene.

II

I lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret blir det gjort følgende endringer:

§ 2 bokstav b nytt nr. 7 skal lyde:

7. Konkursregisteret (lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs § 144).

§ 26 nytt fjerde ledd skal lyde:

Har Enhetsregisteret mottatt underretning etter konkursloven § 138 andre ledd første punktum, skal det registrerte konkursboet slettes av registeret.

III

1. Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Kongen kan fastsetje at ulike delar av lova skal ta til å gjelde frå ulik tid.
 2. Kongen kan fastsetje nærmare overgangsreglar.
-
-

